

# LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 5 • 2009 • ÅRGANG 8 WWW.LNK.NO

## Berre på bokmål

Lettlestbøker og lydbøker kjem også inn under kravet om parallellutgåver. Mange av dei er likevel ikkje på nynorsk.

S. 3

## Tilbyr kurs

Mange kommunar ser at eit godt og klårt språk ofte er ei utfordring i administrasjonane. Då kan kurs vere eit nyttig tilbod.

S. 8 - 9

## Under press

Nynorsken er under press i mange bynære kommunar, meiner Oddvar Skre. Os kommune er eit av unntaka.

S. 5

## Sau og turisme



(Foto: Oddvard Tjomiald)

Sirdal er meir enn hytter og skikøyring. Sirdal er også kulturkommunen som kanskje mest av alt er kjent for den spektakulære sauedrifta.

• Sjå s. 18 - 20

## Poeten Fosse



Foto: Cecilie N. Steiness

Tekstane hans er omsette til over 40 språk, og skodespela er sette opp meir enn 700 gonger over heile verda. No er Jon Fosse 50 år.

• Sjå s.12 - 13



Foto: Maria Torheim

# Litteratur i fokus

Multikunstnar Oddvar Torsheim (biletet) var blant attraksjonane under Nynorske Litteraturdagar i Aurland. Her fekk også publikum treffe Linda Eide, Arnfinn Nordbø og Asleik Engmark.

Litteraturdagar er eit inkluderande arrangement, har me teke til oss Asleik Engmark sidan han også har ein fin dialekt, seier prosjektansvarleg Arve Tokvam.

– Hovudsakleg inviterer me berre artistar på scena som nyttar nynorsk i skrift, men sidan Nynorske

• Sjå s. 14 - 15

**BRUK LNK KORTET**



**TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!**

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	<b>Vekedagar</b>	<b>Helg</b>
<b>Enkeltrom</b>	kr 695,-	kr 595,-
<b>Dobbeltrom</b>	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

**HOTELL HORDAHEIMEN**  
Best Western  
Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør  
Judith Sørhus Litlehamar

## Godt språk er god omdømmebygging

Tidlegare fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys (SV) lanserte nyleg eit språkleg krafttak for å få eit betre språk i det offentlege. Prosjektet *Klart språk i staten* skal gi oss innbyggjarane enklare og meir forståeleg informasjon i møtet med det offentlege. Blant anna viste Grande Røys til at ein av tre hadde problem med å fylle ut offentlege skjema. Det må kunne kallast ei stor samfunnsutfordring.

Og Grande Røys har heilt rett. Språk er viktig i all kommunikasjon, og det offentlege har eit særleg ansvar for å kommunisere med sine brukarar. Eit vanskeleg språk kan skape problem for mange med å orientere seg i samfunnet. Eit dårleg språk skaper også unødvendig stor avstand mellom det offentlege og folk flest.

Dette gjeld også kommunane.

Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane meiner rådmenn og økonomisjefar burde spørje seg sjølve om dei ville sagt det dei skriv, over hagegjerdet til naboen.

– Kan dei ikkje det, bør dei byrje på nytt, slår han fast.

Språk handlar om truverd, kommunikasjon og identitet. Kommunale administrasjonar bør streve etter å skrive eit så godt, korrekt og klårt språk dei kan. Det gir tillit hjå innbyggjarane, og det gir kommunen eit godt ansikt overfor omverda. Eit godt språk er også god omdømmebygging.

Trass i at mange kommunar er opptekne av eigen språkbruk, trengs det truleg også her eit krafttak for å auke den språklege kompetansen. Kanskje spesielt i nynorsk kommunar, der mange av dei tilsette ikkje nyttar nynorsk i utgangspunktet?

LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane står bak eitt av fleire tilbod om nynorsk kurs for tilsette i kommunane. Eit krafttak kan vere dersom kommunen tilbyr sine tilsette eit kurs for å betre språket i organisasjonen. Det er truleg ein kostnad ein til slutt vil tene på, også økonomisk.

Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorsk kommunar (LNK)

Redaksjon:  
Einar Schibevaag  
Ingrid Hillestad  
Maria Torheim  
Tormy Tobekk

Faste spaltistar:  
Jan Olav Fretland  
Vidar Høviskeland

Korrekturlesar:  
Dag Gjerde

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Heibnes

Telefon 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse:  
bladstova@lnk.no

Montering:  
Norsk Plan A/S -  
Astrid Eidhammer/Hjelmeland


Trykk:  
Sunnhordland  
Oppslag om lag 6000  
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan  
tingast hjå

LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller bladstova@lnk.no  
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan 2009  
18/12

Annonseprisar:  
1/1 side kr 20 000,-  
(253x360 mm)  
1/2 side kr 11 600,-  
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 7 400,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
21 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.  
Annonser blir å levera  
som pdf-fil til:  
astrid@norsk-plan.no



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

## Hagl av leksikon over Førde

Tysdag 20. oktober klokka 11.00 hagla det med nynorske leksikon over Førde. Det nynorske nettleksikonet Allkunne.no vart presentert på Hafstad vidaregåande skule, og på Sunnfjord Hotel la NRK Sogn og Fjordane fram fire digre bøker med fylkesleksikon for Sogn og Fjordane. Dei byggjer på fylkesleksikonet på nett, som NRK Sogn og Fjordane har hatt på nettsida si sidan 2001.

I staden for å ose meg over at lanseringane kom oppå kvarandre valde eg å ta det som eit godt teikn i tida for alle som har sakna nynorske leksikon. Eg var med på lanseringa av Allkunne.no, med ein meir eller mindre engasjert avgangsklasse som publikum. På spørsmål om nytteverdien strekte ein seg til å seie at han nok trudde det kunne kome til nytte i norsktimeane!

**Eg var litt splitta i hovudet der eg sat. Minstente attende til då vi i NRK Sogn og Fjordane byrja med nettleksikon i 2001. Det var mogeleg på grunn av ein medarbeidar og fylkeskjennar som Ottar Starheim, og pengar frå Sogn og Fjordane Sparebank, Sogn**

og Fjordane fylkeskommune og nrk.no. Sistnemnde vart med for at opplegget skulle vere ein pilot for eventuelle andre fylkesleksikon rundt

*Så god råd har vi ikkje i nynorskverda at vi kan drive dobbeltarbeid på denne måten.*

om på distriktskontora. Men ingen andre har våga seg i ferd med det.

Nettleksikonet for Sogn og Fjordane er eit framifrå døme på slikt som aldri hadde vorte noko av om vi hadde visst kva det ville koste av tid og pengar. No har det også kome i bokform og kan settast i ei hylle. Men det som for alltid vil kvile på kontoret sine skuldrer, er at nettutgåva skal haldast ved like og fornyast, år ut og år inn. No set dei to medarbeidarar på å få det rusta opp, etter at bokprosjektet har kravt all tid lenge. Deretter skal ein person halde det

ved like med ein arbeidsdag i veka. Det er ein tung arv for eit lite distriktskontor, men flott for Sogn og Fjordane.

Før eg slutta som distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane, gav eg munnleg godkjenning til at Allkunne.no kunne bruke

fylkesleksikonet vårt som kjelde for omtale av stoff frå Sogn og Fjordane. Eg har ikkje tenkt meir på det før eg no oppdaga at så ikkje er tilfellet. Det er i alle høve ikkje kreditert under kjelder. Då kjenner eg i øsninga og let fare over dobbeltlanseringa; så god råd har vi ikkje i nynorskverda at vi kan drive dobbeltarbeid på denne måten. Eit nettleksikon er ei ævemaske der vi treng å dra vekslar på kvarandre for å makte jobben. Eg ynskjer lukke til, både for nrk.no/sjf/leksikon og allkunne.no

### KRONIKKFORFATTAREN

**Magni Øvrebotten**  
leiar for NRK Nynorsk  
mediesenter



Foto: Randi Indrebø, NRK Nynorsk mediesenter.

# Krev lettlestbøker på nynorsk

**Lettlestbøker av læreverk i skulen kjem inn under kravet om parallellutgåver. Likevel er mange av bøkene ikkje tilgjengelege på nynorsk. No skal støtteordningane bli betre.**

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Både Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet er klare på at lettlestbøker i følge opplæringslova også kjem inn under kravet om parallellutgåver på nynorsk. Likevel ser ein at dette ofte ikkje er tilfellet. Forlaga på si side meiner stram økonomi og ein smal marknad er hovudgrunnen til at nynorskversjonane ikkje blir produserte. Dette er også eit problem når det gjeld lydbøker. No skal Utdanningsdirektoratet evaluere tilskotsordninga si for smale fag og små elevgrupper. Målet er at denne ordninga skal bli meir tilgjengeleg, også for dei forlaga som ynskjer å omsetje lettlestbøker og lydbøker til nynorsk. Rapporten om støtteordningane skal leggast fram for departementet i januar.

– Me ynskjer å gå gjennom nivået på og kriteria for tildeling av tilskottet, og å gå gjennom korleis behova for utvikling av læremiddel samsvarer med tildelingane. Skuleeigaren kjøper inn bøkene og kan bruke makta si som forbrukar til å endre situasjonen ved å berre kjøpe inn læremiddel som finst på nynorsk og bokmål til same tid, seier rådgjevar i Kunnskapsdepartementet, Nina Teigland.

På spørsmål om dei eksisterande støtteordningane gjeld både for grunnskulen og dei vidaregåande skulane svarer både Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet bekræftande. Men etter kvart viser det seg at tilskottet til smale fag og små elevgrupper fram til 2012 er sett av til fag på vidaregåande skule. Det er direktoratet som forvaltar støtteordninga og som har kome med desse prioriteringane.

– Det vil seie at me nok ikkje kjem til å lyse ut tilskott til læremiddel for grunnskulen i denne kategorien framover, med mindre det kjem føringar som seier noko anna, skriv rådgjevar i direktoratet Astri Gjedrem i ein e-post.



Lettlestbøker og lydbøker kjem også inn under kravet om parallellutgåver. Likevel er mange av dei berre på bokmål. (Illustrasjonsfoto: Judith Sørhus Litlehamar)



Rektor Helge Pedersen ved Byrknes skule etterlyser no lettlestbøker på nynorsk. (Foto: Byrknes skule)

### – HELD IKKJE MÅL

Byrknes skule og rektor Helge Pedersen i Gulen kommune hadde planlagt å kjøpe inn nye lærebøker i samfunnsfag for ungdomsskulen. Faglærer i samfunnsfag vurderte dei ulike læreverka og tilrådde kjøp av Kosmos frå Fagbokforlaget. Eit av argumenta bak kjøpet var nettopp at Kosmos hadde ei lettlestutgåve av lærebøkene. Dette er bøker som har større skrift, mindre fagstoff og enklare språk enn grunnboka. Lettlestutgåva skal vere til hjelp for dei elevane som treng tilpassa opplæring. Etterkvart skulle det vise seg at grunnboka i faget var tilgjengeleg både på nynorsk og bokmål, medan lettlestboka og lydboka berre kunne få kjøpast på bokmål. Lettlestboka var også betrakteleg dyrare enn grunnboka. Rektor

Helge Pedersen meiner dette ikkje held mål.

– Og det er uheldig for elevane som har behov for ekstra hjelp. Dersom dei ikkje får boka tilgjengeleg på nynorsk, vil det bli stein til bora, meiner Pedersen. Byrknes enda opp med å kjøpe inn lettlestbøker av Kosmos, trass i at dei då måtte bruke bokmålsversjonen. Dette vart gjort på grunnlag av at skulen vurderte det som aller viktigast å gi eleven ei lettlestbok.

### VIL VURDERE PÅ NYTT

Forlagssjef i Fagbokforlaget, Thor Jørgen Kristiansen, medgir etter at han har lese opplæringslova på nytt, at den kanskje kan tolkast slik at også lettlestbøker og lydbøker skal ligge føre på begge målformer.

– I utgangspunktet har me sett på lettlestbøkene som ein tilleggskomponent til læreverket, og at dei dermed ikkje kom inn under kravet om parallellutgåver, seier han.  
– *Kva tenkjer du om det nå?*  
– Eg må medgi at me kanskje må revurdere dette synet. Det kan sjå ut som at lettlestbøkene også burde vere tilgjengelege på nynorsk. Samstundes er det slik at me ikkje hadde hatt økonomi til å gi dei ut på nynorsk. Kristiansen viser til at Fagbokforlaget har søkt Utdanningsdirektoratet om midlar til å gi ut Kosmos sin lettlestversjon på nynorsk. Tilskotsordninga skal bidra til at det blir utvikla og produsert læremiddel for smale fagområde og små elev- og lærlinggrupper der det ikkje er marknadsgrunnlag

for kommersiell utgjeving. I år har direktoratet lyst ut ein sum på 21 millionar kroner, der seks av desse går til reine parallellutgåver. Ein vesentleg del av dei resterande 15 millionane går også til nynorskutgåver. I fjor vart det gitt støtte til både nynorskutgåver og fellesspråklege utgåver i fleire fag på vidaregåande skular, men ingen på grunnskulen. Som tidlegare nemnd er tilskottet til smale fag og små elevgrupper sett av til fag på vidaregåande fram til 2012.

– Viss me får støtte, vert i alle fall den realisert. Men elles trur eg at eg må gå ein runde med meg sjølv og mine kollegaer når det gjeld dette, seier Kristiansen om ei eventuell nynorskutgåve av Kosmos si lettlestutgåve.


– *Betyr det at det vil kome fleire nynorskversjonar av lettlestbøkene i framtida?*

– Ja, eller at me må droppe lettlestbøkene. Dersom nynorskversjonane må vere på plass når me lanserer ei ny lettlestbok, må me sjå på om me har råd til det. Det er dyrare å produsere ei lettlestbok enn ei grunnbok sidan ein utviklar dei for ein avgrensa marknad. Difor er den også dyrare å kjøpe enn grunnboka. Men det kan hende me må revurdere prisen også. Det kan til dømes hende at prisen på dei andre bøkene då vil gå opp som ein konsekvens av det.

### GJELD OGSÅ NETTSIDER

I følge Kunnskapsdepartementet skal alle læreverke, også dei digitale, som er retta mot elevane, vere tilgjengelege på begge målformer. Dette gjeld også læreverka sine nettsider. Nettsida til Kosmos har ikkje ein nynorsk versjon.

– I utgangspunktet har me meint at nettsider er kjeldestoff, lenker og bakgrunnsstoff og dermed ikkje må vere tilgjengeleg på nynorsk. Men det er sjølvsagt viktig at slike nettsider også viser til nynorske nettstader og aviser, slår Kristiansen fast. Rådgjevar Nina Teigland i Kunnskapsdepartementet viser også til at Huseby kompetansesenter tilbyr produksjon og distribusjon av tilpassa lydbøker for grunnsopplæringa. Senteret har eit landsdekkande ansvar for utvikling, produksjon og distribusjon av lydbøker som læremiddel til ungdomstrinnet og vidaregåande skule. Det lukkast ikkje LNK-avisa å kome i kontakt med Huseby kompetansesenter.



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Vi har fått ny nettside!

[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

Her finn du inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljestunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)

**Pirion**  
Kulturavis for barnehagar og skolar



Landssamanslutninga  
av nynorsk kommunar (LNK)

PB 7044  
St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:  
Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar  
Solfred Borge  
Laura Seltveit  
Rune Øygard

Varamedlemer:  
Nils R. Sandal  
Velaug Veum  
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

## SITATET:

– Det er en veldig godt brukt startside, som vi skriver i meldingen er det viktig at nynorsk er tilgjengelig på alle plattformer og samfunnsområder for å være et fullverdig språk. Da må det også være et fullverdig språk også i media.

Tidlegare statssekretær Wegard Harsvik i Kulturdepartementet til journalisten.no om nettsatsinga «Ung til sinns» som blant andre Startside og LNK står bak.

# Høviske ord

Her om dagen var eg inne på Norli bokhandel i Oslo. Ærendet var å sikra meg *Veslebror ser deg* av Cory Doctorow.

Dama bak disken fann tittelen på dataskjermen og ba meg kikka under D på ungdomsbøker. Eg så gjorde og såg mange spennande titlar, men ikkje nokon *Veslebror*. Ekspeditøren hjalp til med å leita, men heller ikkje ho kunne finna boka. Me leita både høgt og lågt, men Doctorow var søkk borte. Heilt til den vennlege dama sjekka dataskjermen sin ein gong til og fann ut at boka var komen ut på Det norske Samlaget.

Det gjekk eit lys gjennom rommet. Gåta var løyst. Det var altså ei nynorsk bok me leita etter.

Resolutt la dama seg ned på golvet framfor reolen med ungdomslitteratur. Der fann ho skatten. Stolt og smilande drog ho Doctorow etter ryggen ut av Norli bokhandel si underavdeling for nynorske ungdomsbøker.

Og her er det rett å snakka om underavdeling: Nede ved golvet i hylla med ungdomsbøker står det tretti centimeter med framandvorne titlar

og eit lite skilt med åtvinga NY-NORSK. Ein slags variant av RØY-KING DREPER for litteratur.

Sidan eg er ei søkjande sjel, spurde eg ekspeditøren om det ikkje ville ha vore meir naturleg å ha alle norske ungdomsbøker sortert alfabetisk – saman?

Det var det ikkje.

– Då får me så mange reaksjonar frå kundane, seier dama. Underforstått: Ei sart sjel kunne uforvarande koma i skade for å kjøpa ei slik bok.

Inokre av ARK sine salslokale har dei innført ein annan eksotisk vri: Dei har hyllemarkørar som viser slikt som Krim, Lyrikk, Skjønnlitteratur, Poesi, Non Fiction, Hobby – og Nynorsk ...

Eg veit ikkje kor det har svikta, men noko må ha skjedd. Men det er aldri for seint å snu. Etter kvart har forlaga kjøpt opp dei store bokhandlarkjedene og har derfor høve til å påverka drifta. Det er vanskeleg å sjå at ein praksis slik Norli og ARK har lagt seg på, er med på å styrkja forlaga sine interesser og omdomme. Mange kan lett koma til å tru at det er fordømbar

og vankunne som får lov til å styra bransjen. Og det er det vel ikkje?

**PS** Det høyrer forresten med til soga at eg kjøpte *Veslebror ser deg* på Tronsmo. Boka er viktig, god og glitrande godt omsett til norsk av Øystein Vidnes.



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

## Har prioritert læreverk

**Ei arbeidsgruppe har sett ned ei prioritert liste over fullstendige læreverk i norsk for innvandrare som ein ynskjer omsett til nynorsk.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

### Jærmuseet med i LNK

Jærmuseet har meldt seg inn i LNK. – Vi ønskjer med dette å styrkje banda til nynorskrelaterte tiltak, seier museumsdirektør Målfrid Snørteland til lnk.no. Jærmuseet er den overordna organisasjonen for Nasjonalt Garborgsenter som skal opne i 2011, og Snørteland seier det først og fremst er for Garborgsenteret at det er viktig å ha ein forankring i nynorsk miljøet. Men også høvet til å ta del i aktuelle prosjekt, som til dømes Diktarvegen, gjer at museet no har valt å bli medlem i LNK. Jærmuseet er eit regionalt vitensenter for Sørvestlandet og regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Museet er også ein del av Kystmuseet. Jærmuseet har i år blitt kåra til Årets museum

og fått den europeiske prisen Micheletti Award 2009 for beste teknologiske museum.

### Fornyar avtalane

Kommunalbanken og KLP Forsikring har no fornya samarbeidsavtalane sine med LNK. Det meiner dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, er særst positivt for organisasjonen.

– Avtalane med KLP Forsikring og Kommunalbanken er svært viktige for LNK. Dei siste seks åra har me hatt eit tett og nært samarbeid med to av dei viktigaste økonomiske aktørane i Kommune-Noreg. Både Kommunalbanken og KLP Forsikring har gjennom desse avtalane synt at dei ønskjer å ta eit kulturelt ansvar som viktige sam-

Mali Åm, og lærar ved Gloppen opp-læringscenter i Gloppen, Anne Kristin Myklebust. I inneverande år har Utdanningsdirektoratet att 200.000 kroner til rådvelde for omsetjing av slike verk. Arbeidsgruppa har no sett ned ei prioritert liste over verk dei meiner burde bli omsett til nynorsk. Det vidare arbeidet med dette vil bli sett i gang no i haust. Vox vil dessutan omsetje eit elevhefte som går til alle deltakarar i norskopplæringa, og som

også vil gå til asylmottak i prosjektet som heiter "Vald i nære relasjonar". Styreleiar i LNK, Jan Magne Dahle, er glad arbeidet med å setje om læreverk i norsk for innvandrare til nynorsk no er i gang, og ser fram til vidare arbeid i prosjektgruppa.

**ABC Startside**  
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

**startside.no**

### Ny redaktør i Magasinett

Elin Moen Karlsen (34) er tilsett som ny redaktør i nettmagasinet Magasinett. Ho tek over etter Toyni Tobekk. Magasinett er ein nettsida for ungdom i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen og vart lansert i 1997. Stiftarane til Magasinett er LNK og Noregs Mållag.

# Les, syng og skriv på nynorsk

**Biblioteket er blitt sjølv hjartet på Os skule. Der går språkdiskusjonane høgt, og elevane får frasse i nynorske bøker.**

INGRID HILLESTAD  
ingridhillestad@hotmail.com

Med prosjektet "Vi les, skriv og syng på nynorsk!" feiar Os skule bokmål av banen. I den bynære kommunen Os er lærarar og elevar blitt opptekne av å ta vare på lokal dialekt og kultur og nynorsk skriftspråk. Denne dagen er det Den internasjonale språkdagen som står på programmet, og sjuendeklassingane lyttar med konsentrerte øyre når bibliotekar Annbjørg Dalland les dikt på ulike nordiske språk. Elevane gjettar kva språk ho les, og dei treff stort sett på første forsøk. Truleg er det nynorskprosjektet som har vore med på å kvessa språkøyra deira.

### LITT KJEKT OG LITT STRESS

– Kva lærer de i nynorskprosjektet? Svara frå sjuandeklassingane er mange:

– Det er slitsamt og å skrive nynorsk fordi orda er så lange. Men det er betre å skrive "eg" enn "jeg", meiner Jone.

– Vi syng songar på nynorsk og les forfattarar som skriv på nynorsk, utdjuvar han.



– Vi lærer andre språk, som svensk og dansk, seier Hanna.

– Vi lærer å skilje mellom ulike ord. Svensk liknar mest på nynorsk, medan bokmål kjem frå dansk, føyer Ingrid Marie til.

På spørsmål om dei likar å jobbe med nynorskprosjektet, er svaret at det både er litt kjeft og litt stress, men at det same kva er bra med noko nytt og annleis.

### NYNORSK I ALLE FAG

Dei to bibliotekarane på skulen, Annbjørg Dalland og Randi Trøvgå, er primus motorar i prosjektet. Det var også herfrå sjølve ideen til "Vi

les, skriv og syng på nynorsk!", som starta førre skuleår, kom. Skulen søkte Nynorsksenteret om støtte og fekk ja. To skuleår får dei pengar derifrå til å kjøpe inn ekstra undervisningsmaterieill, nynorsk litteratur, hente inn eksterne lærekrefter og kurse lærar. Best mogleg nynorskundervisning er fokus i alle fag. I musikktime syng elevane lokale viser på Os-dialekt. Dei hentar fram lokale rim og regler. Som ein del av prosjektet har dei også hatt besøk av Reidun Hernes, som har skrive doktorgrad om Os-målet. Noko av norskundervisninga til elevane er flytta til biblioteket.

Vi har fokus på å løfte fram nynorsk litteratur. Ungar er veldig interesserte

Bibliotekar og lærar, Annbjørg Dalland, er ein av initiativtakarane bak prosjektet "Vi les, skriv og syng på nynorsk!". (Foto: Ingrid Hillestad)

i språk, og dei er i grunnen ikkje så oppteken av om ei bok er skriven på nynorsk eller bokmål, seier bibliotekar Dalland, medan ho viser rundt i bokoasen sin.

### SUNT MED FLEIRE SPRÅK

– Vi vil skape openheit og medvit rundt kva som er godt språk, påpeiker rektor Anne Fossberg Fristad.

Ho fortel at med stor tilflytting av bergensarar til kommunen, får skulen spørsmål om å opprette bokmålgrupper.

Men mange foreldre har så langt kome med positive reaksjonar på prosjektet vårt, held rektoren fram.

Ho meiner det er viktig å ta vare på det språkmangfaldet vi har her i landet.

I andre land har dei ofte fleire språk enn vi har her i Noreg. Eg trur det er sunt å ha fleire språk, seier ho og reflekterer vidare rundt samanhengen mellom kultur, identitet og språk.

– Kva ønskjer de å oppnå med "Vi les, skriv og syng på nynorsk!"?

– Vi håpar at elevane vil kjenne seg som trygge og stolte brukarar av nynorsk, og at fleire vil halde på det nynorske språket heile skuleløpet ut. Dei får same kva med seg ein god ballast, trur Fristad.

## - Haldningsendring må til

**Folk flyttar frå byen til nabokommunar med god økonomisk utvikling. Det pressar nynorsken, meiner Oddvar Skre.**

INGRID HILLESTAD  
ingridhillestad@hotmail.com

– Vi ser stor overgang frå nynorsk til bokmål i ungdomsskulen, seier Oddvar Skre, skulemålsansvarleg i Hordaland Mållag.

Han gir døme ved å vise til nabokommunar rundt Bergen, som Askøy, Lindås og Fjell. Han gir innflyttinga frå Bergen ein stor del av skulda for at nynorsken i desse kommunane no er på vikande front. Brubygging og oljeverksemd er blant årsakene til at bergensarar finn det attraktivt å flytte ut i distriktet.

– Vi ser til dømes at språkpresset på Askøy auka då bompengane mellom Bergen og Askøy forsvann, forklarar Skre.

### NYNORSK BLIR FRAMANDSPRÅK

Biletet er likevel ikkje eintydig.

– Andre plassar, som i Os kommune, ser nynorsken ut til å halde seg, føyer han til.

– Kva går tapt i dei kommunane som gir etter for bokmålspress?

– Elevane får bokmål som førstespråk. Dermed lærer dei ikkje nynorsk før i åttande klasse. Dei

får då nynorsk som framandspråk, sjølv om dei har mest nynorsk i dialektane sine.

Skre meiner det må ei haldningsendring til. Mange foreldre har negative haldningar til nynorsk frå eiga undervisning.

– Det finst ei generelt negativ haldning til nynorsk i ein del lokal-miljø i Bergen, meiner Skre, og føyer til at han merkar ei endring: mange bergensarar er meir positive no.

### ARRANGERER TEMADAGAR

Skre trur betre sidemålsundervisning i grunnskulen og den vidaregåande skulen, samt betre norskundervisning på lærarhøgskulane kan vere med og løfte nynorsken. Mindre grammatikk og meir litteratur kan vere løysinga. Ved å lese vanleg prosa på nynorsk får ein eit naturleg forhold til språket, meiner Skre. Han fortel at på enkelte bokmålskular let dei alle lærebøkene i eitt fag vere på nynorsk, noko som gjer at dei merkar endring i haldninga til språket.

I Målungdommen har dei no tilsett ein ungdomsskrivar som skal reise rundt på skulane og arrangere temadagar om nynorsk. Dette håpar Skre kan vere med på å motverke overgangen til bokmål i åttande klasse.



**www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040**  
**E-post: servicetorget@fagforbundet.no**

# – Må skaffe midlar

**Sentrale stemmer i nynorskmiljøet er nå spente på kva språkpolitiske tiltak den nye regjeringa vil gjennomføre.**

JUDITH SØRHS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– No står det att å skaffe midlar til alle dei gode tiltaka i språkmeldinga Mål og mening, seier dagleg leiar Vidar Høviskeland i LNK. LNK vil ønska den nye regjeringa lukke til med det viktige arbeidet som ligg framfor dei i perioden som kjem. På "våre område" har dei tre regjeringspartia laga eit godt politisk grunnlag i dei fire åra som har gått – ikkje minst gjennom den sektorovergripande språkmeldinga Mål og mening.

– Dei tre departementa LNK tradisjonelt har hatt mest kontakt med, altså Kultur-, Kunnskaps- og Kommunaldepartementet, har alle fått nye statsrådar, og det vert jo spennande å sjå kva det fører med seg. Men eg håpar og reknar med at samarbeidet med den nye regjeringa vert godt også i åra som kjem, seier Høviskeland i ein kommentar.

1. Kva trur du om den nye regjeringa?
2. Kva blir den viktigaste politiske språksaka no framover for regjeringa?
3. Kva ventar du av regjeringa sin språkpolitikk?

## Anne Steinsvik Nordal

Leiar for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa



1) Det er færre nynorskbrukarar i den nye regjeringa enn i den gamle, men me håper språkpolitikken ligg fast, og at den nye regjeringa gjennomfører det den førre regjeringa planlagde. Då kjem me eit stykke på veg.

2) Den viktigaste politiske språksaka er å ta vare på nynorskopplæringa i den nye lærarutdanninga, slik at utdanna lærarar kan skrive nynorsk, ikkje berre i norskfaget, men i alle fag. Me har over 82 000 elevar med nynorsk som hovudmål i Noreg, og dei skal skrive nynorsk i alle fag. Dei fleste andre elevane i skulen skal lære nynorsk som sidemål, og dei treng også lærarar som kan skrive nynorsk. Då treng ein lærarar med høg kompetanse i nynorsk som kan få fram elevar som er dyktige nynorskskrivarar.

Regjeringa bør satse på nynorskopplæringa i skulen. Elevane må få meir lesestoff på nynorsk, særleg er det mangel på fagtekstar på nynorsk. Digitale tekstar på nynorsk er også mangelvare. Elevane må få lese moderne nynorsk litteratur som skaper motivasjon og interesse for nynorsk skriftspråk og gjer dei glade i den nynorske skriftkulturen.

3) Nynorsksenteret håper at den nye regjeringa gjennomfører det arbeidet som dei har planlagt i Stortingsmelding 23 og 35 "Språk bygger broer" og "Mål og mening". Der vert det understreka at kunnskap om og kompetanse i både nynorsk og bokmål er ein del av den nasjonale danninga og vår felles kulturelle eigeidom. Å ta vare på og styrke den skriftlege opplæringa i nynorsk som sidemål er det beste grunnlaget for å ta vare på nynorsk som hovudmål. Om berre dei som har nynorsk som hovudmål lærer å skrive nynorsk, minkar kunnskapen om nynorsk i det norske samfunnet, og det vert både eit språkleg og kulturelt tap for Noreg. Å styrke nynorskopplæringa i skulen og i lærarutdanninga er det aller viktigaste for framtida til nynorsk skriftspråk.

## Tove Lie

Forlagsdirektør i Det Norske Samlaget



1) Eg vel å vere optimist og let dei få ein sjanse til å vise kva dei kan og vil, før eg feller nokon dom. Lovnadane frå dei er gode, og forventningane hjå oss er store. Både i Soria Moria 2 og i Kulturløftet har dei lova å styrkje nynorsken, men så står det att å følgje dette opp med pengar og konkrete tiltak. Men her er det også opp til nynorskrørsla sjølv å fremje tiltak som kan fungere. Eg er meir uroa når det gjeld kulturkomiteen på Stortinget – dei har ikkje ein einaste nynorskbrukar blant seg.

2) Oppfølging av alle dei gode formuleringane og intensjonane i språkmeldinga er viktig, her har dei ikkje kome godt nok i gang. I denne meldinga frå 2008 var det lista opp meir enn 30 tiltak som gjaldt nynorsken. Det er mykje dei kan gjere. 2009 skal vere eit leseår, har dei bestemt. Å kunne sette opp klare mål for dette slik at alle – både barn og vaksne – kan få lett tilgjenge til godt og populært lesestoff på nynorsk, er ein ting. Å leggje opp til at ungar – heilt i frå barnehagen – høyrer nynorske tekstar og lærer nynorske ord og dialektar, er viktig. Ein tredje ting er nettet og den digitale verda: Her kan m.a. regjeringa bruke innkjøpsmakta si og seie at alle pc-ar som vert kjøpte inn, skal ha brukarprogram og kommandoar både på nynorsk og bokmål. Å leggje til rette for meir nynorsk på nett er også viktig – i dag er det berre om lag 7–8 % nynorsk på nett.

3) Eg har store forventningar og ser fram til at dei skal prioritere og gjennomføre alt dei har lova både i Språkmeldinga og Kulturløftet. Og så har eg forventningar om engasjement og kreativitet frå dei som brenn for språket og nynorsken sjølv, også. Vi kan ikkje berre sitte og vente på at alt det gode skal kome ovanfrå.

## Martin Toft

Styreleiar i Kringkastingringen



1) Eg reknar i alle fall med at det blir bra med nynorsk både i Samferdsledepartementet og i Kommu-

nal- og regionaldepartementet, akkurat som før, sidan det er to nynorsktalende statsrådar som byter plass. I Kunnskapsdepartementet har det vore ganske bra med nynorsk på dei sakene som forskingsminister Tora Aasland har fronta. Eg reknar med at Kristin Halvorsen vil syta for at det blir ein god del nynorsk i hennar del av Kunnskapsdepartementet også. I det heile tatt trur eg at dagens regjering vil vera ei bra regjering for nynorsken. Det mest spennande blir å sjå om kulturminister Anniken Huitfeldt klarer å leggja det same trykket på oppfølginga av språkmeldinga som Trond Giske var mann til å klara.

2) Dersom du spør meg som leiar for Kringkastingringen, vil eg seia at dersom TV 2 vel å søjka om konsesjon til å driva landsdekkjande kommersiell allmennkringkasting, må regjeringa syta for at selskapet fylgjer opp konsesjonskrava om bruk av nynorsk og samisk i både nyhendesendingar og i barne-TV. Det held ikkje å ha ein nynorsktalende programleiar så lenge plakata og titlane bak han eller henne står på nynorsk. Elles blir det aller viktigaste for regjeringa å passa på at NRK og statsbyråkratiet følgjer mållova og lærer sine tilsette opp i god nynorsk. Det er også viktig at regjeringa gir naudsynt støtte til utvikling og produksjon av lærebøker på nynorsk. Regjeringa bør krevja at alle som arbeider i statsbyråkratiet og som har norsk bakgrunn, kan skriva på begge målformer. Dessutan bør regjeringa halda fram med å auka støtta til produksjon av bøker på nynorsk, og ho bør kanskje også premiera dagsaviser som brukar nynorsk på eit eller anna vis, i staden for å straffa dei som ikkje let nynorsk skrivande journalistar bruka morsmålet sitt.

3) Det er viktig at regjeringa byggjer opp ein forsvarsmur for bokmål og nynorsk, slik at ikkje engelsk overtar på alle område. Difor må alle statlege bedrifter og aller helst også private påleggjast å ha informasjon både på norsk og engelsk. Norsk definerer eg både som bokmål og nynorsk. Statoil-Hydro bør gå først når det gjeld å vera eit godt døme på dette. Eg trur ikkje det franske oljeselskapet Total berre har informasjon på engelsk. Regjeringa bør også halda fram med å gi særskild pressestøtte til aviser som Dag og Tid og til Nynorsk Pressekontor. Aller helst bør støtta auka. Kanskje bør det også

oppmodast endå meir til teksting på nynorsk av utanlandske filmar. Det ville ha fått store verknader i ungdomsmiljøet.

## Ottar Grepstad

Direktør ved Nynorsk Kultursentrum



1) Regjeringa er forplikta av den ambisiøse språkmeldinga. Det er viktigare enn at det står altfor lite om språkpolitikk i Soria Moria 2, at det er færre nynorskbrukande statsrådar enn i førre perioden, og at sjiktet av statssekretærar ser ut til å vere smalt rekruttert. Vi må altså arbeide målretta overfor både regjeringa og Stortinget for å oppnå resultat.

2) Skal det bli lettare å bruke nynorsk, trengst det mykje meir lesestoff på nynorsk. Barn og unge må få meir nærkontakt med nynorsk både i bøker, aviser, tv og på nett. Pressestøtta er den støtteordninga på kulturfeltet som har mest å seie for utbreiinga av lesestoff på nynorsk. Pressestøtta bør fornyast med ein nynorskpoett som svarar til 25 % av den samla pressestøtta og som kjem i tillegg til ordinær støtte. Regjeringa bør opprette eit kontaktforum for årlege drøftingar med nynorskmiljøet om kva som no bør prioriterast. Eg vonar regjeringa takkar ja til invitten frå nynorskmiljøet til å lage Språkåret 2013. I åra frametter trengst eit nynorsk styrkeløft med mykje større og øymerkte nynorsktiltak som gir reelle endringar, ikkje berre vidarefører dagens mangel på reell jamstilling.

3) Eg ventar at regjeringa fører ein sektorovergripande språkpolitikk slik at dette blir ei sak for fleire enn Kultur- og kyrkjedepartementet. Regjeringa må fastsetje administrative system for heile statsforvaltninga som sikrar at omsynet til nynorsk alltid blir eksplisitt vurdert, slik språkmeldinga seier det skal gjerast.

# Skeie Henkel til Diktarvegen

**Marny Skeie Henkel har fått prosjektansvaret for Diktarvegen. Ho håpar prosjektet vil skape mange litterære opplevingar langs rv. 13.**

JUDITH SØRHS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no



Marny Skeie Henkel er no tilsett som prosjektleiar for Diktarvegen. Skeie Henkel er også prosjektleiar for Rasmus Løland-markeringa. (Foto: Jan Nordtveit)

– Det er viktig at me får på plass noko konkret og synleg ganske fort, seier prosjektleiar. Kommunal- og regionaldepartementet støtta tidlegare i år prosjektet med 700 000 kroner. Dette gav grønt lys for at prosjektet kunne setjast i gang, noko dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, sette pris på.

– Dette viser at me har ei politisk leiing i Kommunal- og regionaldepartementet som vågar å tenkje nytt når det gjeld både kultur og næringsutvikling, uttalte han til lnk.no då støtta vart gitt


## HÅPAR PÅ FLEIRE REISANDE

Diktarvegen er eit resultat av at fem forfattarstiftingar ønskjer å utvikle ei litteraturrute langs rv. 13. Små drypp av kultur og litteratur langs indre kyststamveg skal pirre nyfikna til dei reisande. Ruta til diktarvegen vil gå frå Sandnes via Suldal i Rogaland til Hardanger, Voss og endar opp i Sunnfjord. Forfattarane er: Arne Garborg på Jæren, Rasmus Løland i Ryfylke, Olav H. Hauge i Hardanger, Per Sivle på Flom/Voss og til slutt Jakob Sande i Sunnfjord. Andre samarbeidspartar er I/S Fjordvegen og LNK. Litteraturprosjektet vil òg spele ei viktig rolle i kommunane

med oss for å høyre korleis dei kan delta, slår Skeie Henkel fast. Marny Skeie Henkel viser også til at det no vert viktig å samarbeide og samordne Diktarvegen med andre som har dei same interessene.

## VIL OPPRETTE NETTSTAD

– Me må gjere prosjektet kjend og få ut informasjon om Diktarvegen til alle aktuelle kommunar. Diktarvegen vil difor mellom anna opprette ei nettside som til dømes vil ha ein kulturkalender over aktivitetar langs rv. 13, informasjon om prosjektet og presentasjonar av kommunane langs vegen. Skeie Henkel legg også vekt på at kommunane blir sentrale i arbeidet med å spreie informasjon om prosjektet.



## Kurs på nynorsk

## – Språket er viktig

**LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane samarbeidar om kurset På saklista. Målet er at lokalforvaltninga skal få eit betre og klårare språk.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Målsetjinga med kurset er at lokalforvaltninga kan nå fram til brukarane sine med godt og rett språk, seier Tone Skjerdal ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ho er leiar ved HSF Oppdrag, høgskulen si eining for kurs og oppdrag. Arbeidet for å styrkje språkoppføringa i det offentlege er ei prioritert oppgåve for LNK. I 1994 gav LNK ut *På saklista*, som er eit kurshefte i nynorsk språk- og dokumentlære for medarbeidarar i kommunar og fylkeskommunar. Heftet kom i revidert utgåve på Fagbokforlaget i 2006. Også Høgskulen i Sogn og Fjordane hadde kursopplegg for offentleg tilsette. Etter kvart fann aktørane ut at



Tone Skjerdal håpar fleire kommunar vil nytte seg av språkkurset På saklista. (Foto: Høgskulen i Sogn og Fjordane)

dei kunne samarbeide om å styrkje nynorskens i lokalforvaltninga.

## LITE PÅGANG

– Eit godt språk er viktig både for å kommunisere med innbyggjarane, men også innan administrasjonen og når ein skal kommunisere med politikarane. Då trengs det meir kompetanse, seier Skjerdal. Sjølv om *På saklista* kan lesast på eigenhand, utgjer den grunnlaget i kursopplegget med same namnet. Kurset går over to dagar, og kurshaldarane har sjølv gått på kurs for å kunne gi eit best mogleg tilbod til kommunane. Hovudforfattar er Jan Olav Fretland frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sjølv om mange kommunar er opptekne av eigen språkbruk, kunne pågangen vore betre, meiner Tone Skjerdal. – Det er ikkje mange kommunar som prioriterer å kursa folka sine, sjølv om ein god del enkeltpersonar er opptekne av språk, seier Skjerdal. Høgskulen i Sogn og Fjordane og LNK marknadsfører no kurset i fleire kanalar

for å nå ut til endå fleire kommunar. – Me vil halde fram med å prøve å nå ut, seier Tone Skjerdal og understrekar at ein også fylgjer godt med på den statlege satsinga på eit betre og klårare språk.

## SKRIV ENKLARE

Jan Olav Fretland meiner den største utfordringa for kommunane er å skrive enklare og kortare.

– Rådmenn og økonomisjefar burde spørje seg sjølv når dei skriv: Kunne eg sagt dette over hagegjerdet til naboen? Dersom dei svarar nei på det, må dei byrje på nytt, slår han fast. Bruk dei orda folk skjønner, og skriv meir presist, er andre råd frå Fretland, som sjølv kursar kommunane i eit betre språk. Bakgrunnen for kurset På saklista er todelt, fortel Fretland.

– For det første er det ein god del feil i nynorskens rundt omkring. Mange har spørsmål om til dømes ordval eller om ein kan skrive ord som sluttar på –heit. For det andre skriv ofte administrasjonane for vanskeleg.

## – Kurs på budsjettet

**Ein runde blant nokre av nynorsk kommunane viser at mange er opptekne av å bruke eit godt språk. Hemsedal kommune er ein av dei som no vurderer kurset På saklista.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Mange av dei som kjem hit, kan ikkje nynorsk skikkeleg, seier rådmann i Hemsedal kommune, Gabriel Johannessen, og vedgår at behovet for å auke kompetansen i nynorsk er til stades. Hemsedal er ein av dei kommunane som

no vurderer LNK sitt nynorsk kurs for kommunetilsette, På saklista. – Me registrerer at kunnskapen om nynorsk blir dårlegare, og mange av bokmålsbrukarane slit med å omsetje til nynorsk. Me har difor sett kurs på budsjettet, seier han, men legg likevel vekt på at Hemsedal truleg ikkje er den dårlegaste i klassen. Ifølgje Johannessen kan språk også vere ei utfordring når det gjeld rekruttering av personell til kommunen. Sykkylven kommune er mellom dei som har gjennomført kurset På saklista med gode erfaringar. – Eg meiner det var i 2006. Det var eit veldig bra kurs, men det er ikkje noko me har planar om å prioritere på nytt no. Men det er klart det kan vere aktuelt med kurs med

jamne mellomrom, seier kommunalsjef Eldrid Suorza i Sykkylven kommune. Ho legg vekt på at kommunen prøver å vere bevisst på korrekturlesing, og at det som går ut frå administrasjonen er korrekt nynorsk. Ho viser også til at kommunen no er i ferd med å vedta ein målbruksplan. Rådmann i Vinje kommune, Hans Kristian Lehmann, fortel at kommunen har kurs i nynorsk for saksbehandlarane sine annakvart år.

– Vinje kommune brukar nynorsk på kommunen sine nettsider og som digitalt språk, men me ser at det stadig er rom for forbetringar, seier han, men legg til at det i ein hektisk kvardag ikkje alltid er like enkelt å halde fokus på eit godt språk. Kontorsjef i Bykle kommune, Inger

Lise Grønsand, seier at 90 prosent av det kommunen skriv på sine nettsider, er på nynorsk, og at kommunen har kurs for sine tilsette innimellom. Eldar Øye i Ørsta kommune legg vekt på at alt redaksjonelt stoff i kommunen er på nynorsk. – Berre heilt unntaksvis har det kome ut stoff på bokmål. Dette fordi ein og annan tilsett som brukar bokmål har gloynt seg eller slumsar. Eller fordi nokon har kopiert stoff frå andre nettstadar, og ikkje omsett alt før det vart lagt ut på sida vår, seier han. Han viser til at også Ørsta kommune no ser eit aukande behov for kurs i nynorsk.

– Me ser aukande tendensar til at mange er direkte svake i nynorsk, meiner han.

## Kurs på nynorsk

LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane samarbeider om kurset *På saklista*. Her vert tilsette i kommunar og fylkeskommunar kursa i å skrive eit betre språk. – Skriv enklare, kortare og meir presist, er rådet frå Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Les meir om kurset på [lnk.no](http://lnk.no)

Så det overordna målet med kurset er å få kommunane til å skrive enklare og å få vekk ein del feil, seier han. I kurset prøver ein også å gi kommunen ein språkleg mal ein kan halde seg til i ettertid. No er det også viktig å jobbe med å tilpasse språket til den digitale presentasjonsforma.

– No lærer dei til dømes at ein aldri skal ha understreking i overskrifter, fordi det er noko me bruker når me lenkar. Fretland meiner bestemt eit suksesskriterium for desse kursa er at

rådmenn og andre i leiande posisjonar deltek.

– Eg er alltid litt skeptisk dersom det berre blir eit kurs for saksbehandlarar og konsulentar. Dette handlar også om organisasjonsutvikling, og då må leiarane vere med.

## – Nynorsk er eit aktivt språk

**NRK Nynorsk Mediesenter har fleire kurs for offentleg tilsette. No tilbyr dei også kurs i å skrive god nynorsk.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Wenche Schanke Eikum er kursansvarleg hjå NRK Nynorsk mediesenter og har god tru på at det finst ein marknad for kurs i å skrive god nynorsk for offentleg tilsette. – Det trengs nok ei auka bevisstgjerding om nynorsk språk, om at det er viktig med eit godt språk, og kvifor det er det. Mange seier at nynorsk er så fint som talemål og til dømes i litteraturen. Utfordringa vår må jo vere å få fram at det også fungerer bra som språk i saksdokument, seier ho. Eikum understrekar at ho har lite erfaring med reine språkkurs i kommunane. Fram til no har NRK Nynorsk mediesenter fokusert på å tilby kurs i medietrening, formidling og journalistisk skriving for nett. Men no tilbyr senteret kurset *God nynorsk*, som skal hjelpe offentleg tilsette til å skrive eit levande og godt nynorsk. I kurset får ein innføring i dei viktigaste skilnadane på bokmål og nynorsk, praktisk rettleiing og skriveøvingar samt undervisning i å bygge opp eit godt språk. Så langt har Eikum



Wenche Eikum og NRK Nynorsk Mediesenter tilbyr no kurs i godt nynorsk språk for offentleg tilsette. (Foto: NRK Nynorsk Mediesenter)

halde kurs for ei offentleg verksemd og for Fylkesmannen i Hordaland. Utfordringa er ofte dei som opphavleg skriv bokmål, men som på grunn av jobben må gå over til nynorsk. – Men uavhengig av målform vil eg påstå at den største utfordringa når det gjeld språk, er å skrive slik at folk forstår og lausriv seg frå det byråkratiske språket. Og då er nynorsk bra, det er eit aktivt språk, slår ho fast.

## – Tannlaust

Anne Margrethe Eidhammer frå Vindafjord har no fått svar frå Kunnskapsdepartementet på oppropet der 50 ordførarar frå ulike nynorsk kommunar har skrive under på eit krav for å få undervisningsmaterieil for framandspråklege på nynorsk. Departementet svarte med å takke for brevet og la vekt på at dette var noko dei ville ta med seg vidare i arbeidet. Noko som skuffa Eidhammer.

– Ja, dette er tannlaust. Det er ikkje eit svar, men berre ei registrering av at dei har lest brevet, seier ho til lokalavisa Grannar.

No beklagar departementet svaret og viser til at brevet høyrer heime i Barne- og likestillingsdepartementet. – Eg skjønner godt at ho er misnøgd med svaret, og me burde ha opplyst at dette ikkje var heilt vårt ansvarssområde, seier statssekretær Lisbeth Rugtvedt (SV) til Bergens Tidende.

## Mange mål å nå...



Måla er mange i den kommunale kvardagen.

Nokon er lette å nå – andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning, eller eit nytt kulturhus?

Kommunekreditt har i femten år arbeidd for at kommunenoreg skal få meir ut av midlane sine.


Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: [post@kommunekreditt.no](mailto:post@kommunekreditt.no) [www.kommunekreditt.no](http://www.kommunekreditt.no)

# Nettavis for unge

ABC Startside og LNK lanserer no saman med fleire samarbeidspartar ei ny nettavis for ungdom. No søker dei etter prosjektleiar.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

I første omgang vert det sett av halvtanna årsverk til arbeid med prosjektet, og det har alt byrja å kome inn søknader. Kulturdepartementet har innvilga støtte til prosjektet *Ung til sinns - på nett* med 300 000 kroner i inneverande år, det kan også bli aktuelt å gi støtte dei to neste åra. Støtta som no kjem frå departementet, er midlar som er sett av til å fylgje opp språkmeldinga til regjeringa.



Ei ny nettavis skal gi eit betre tilbod på nynorsk for ungdom. (Foto: Judith Sørrhus Littlehamar)

### NYNORSK PÅ NETT

Den planlagde nettavisa skal sikre at nynorskbrukarar får eit betre tilbod

Nasjonalt Garborgsenter, nettidskriftet Magasinett, kulturavisa Pirion, ABC Startside og Kulturdepartementet.

på internett, og vil ha hovudvekt på regionale nyhendesaker og kulturstoff for og av ungdom. Meininga er at stoffet skal treffe ungdommen på deira premissar.

- Den overordna målsetjinga med prosjektet er å få meir nynorsk for ungdom på nettet, samstundes som ein styrkar posisjonen til ABC Startside, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

Satsinga er eit samarbeid mellom LNK, Nynorsknett, Magasinett, Kulturavisa Pirion, ABC Startside og Kulturdepartementet.

Nettavisa skal ligge på adressa til startside.no.

### AVISSAMARBEID

I tillegg til at prosjektet skal ha ein eigen redaksjon, skal også fleire lokale og regionale aviser bidra med stoff. Avisene som er med i prosjektet, er: Dag og Tid, Hordaland, Hallingdølen, Sagat, Bladet Sunnhordland, Vest-Telemark Blad, Helgelands Blad, Valdres, Agder og Dalane Tidende.

- Utan støtte frå departementet ville ikkje dette prosjektet blitt gjennomført. Prosjektet vil byggje på den posisjonen startside.no har etablert gjennom snart fire og ett halvt års drift, og som vil gi prosjektet ein god start. Samstundes vil det bli ei direkte kopling mellom *Ung til sinns* og posisjonen til ABC Nyheter. I tillegg ynskjer me å involvere unge og eldre som ynskjer å bidra med synspunkt og lokal kompetanse i spaltene våre, seier direktør i ABC Startside, Espen Udland.

# Facebook fremjar dialekt

I ei undersøking gjort under Forskningsdagene i 2008 fortalde 60 prosent av dei spurte at dei bruker dialekten si på Facebook.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no



Unge folk brukar dialekt i dei fleste sosiale, digitale medium, seier Berit Skog ved NTNU. (Foto: Gorm Kallestad, Scanpix/NTNU Info)

- Dialekt blir ein viktig kommunikasjonsreiskap i interaksjonen med andre, seier Berit Skog, førsteamanuensis ved Institutt for sosiologi og statsvitskap ved NTNU i Trondheim. Skog har jobba i mange år med sosiale medium, spel og IKT, og det er ho som står bak denne undersøkinga.

Det er dei yngste gruppene som brukar dialekten sin mest på Facebook. Medan 80 prosent av dei på 15 år skriv dialekt, er det berre 25 prosent av dei over 30 år som seier at dei gjer det.

### DEL AV EIT BILETE

- Facebook handlar om å knyte kontaktar, skaffe seg venner og å kommunisere. Det handlar og i stor grad om å syne seg fram og lage seg ein profil. Folk brukar dialekten sin, i kombinasjon med bilete, interesser og preferansar, som eit verkemiddel for å syne kven dei er, forklarar Skog.

I undersøkinga hennar svara heile 70 prosent at dei snakkar norsk på Facebook, medan 45 prosent snakkar engelsk heilt eller delvis. Dei fleste varierer altså språkbruken og snakkar meir formelt nynorsk eller bokmål til meir periferre forbindelsar. Dialekten blir brukt til dei nære forbindelsane og i dei uhøgtidelege samanhengane.

### OSGÅ TWITTER

Desse funna meiner Skog heng saman med utviklingstrekk elles i samfunnet.

- Det er generelt akseptabelt å bruke dialekt i media, som i TV og radio, og dette gjeld også i skriftlig, sosial kommunikasjon.

Dialekt har lenge vore ein stor del av sms-språket, og i tillegg til

Facebook har også Twitter blitt ein naturleg arena for dialekt.

- Det eit personleg preg på ei kjapp og kort melding, som jo er typisk for Twitter, forklarar Berit Skog.

### TRØNDER, BOKMÅL OG ENGELSK

På Facebook treff vi nokre brukarar som er med på å underbygge dei funna Skog har gjort. Caroline Sørensen Skaget (16) er frå Trondheim og kan fortelje at ho for det meste brukar trønderdialekten sin når ho kommuniserer med andre på Facebook og via sms.

Ho synest i utgangspunktet ikkje det er noko skilje mellom kva tid det høver seg å bruke dialekt, eller ikkje. Samstundes vedgår ho at det er lettare å bruke reint bokmål når ho sender meldingar til folk ho ikkje kjenner.

- Æ bruke bokmål te en svensk kompis æ har, å engelsk te stemora mi, fortel ho til oss på Facebook.

- Er du stolt av dialekten din?

- Både ja og nei, mene østlandsk e my bedre da, føle man blir tatt litt mer særiøst da, skriv

Caroline Sørensen Skaget.

### STOLT AV VÅGADIALEKT

Ein annan brukar vi kjem i kontakt med, er Åse-Kari Kobbersletten. Ho er 39 år og er såleis i den aldersgruppa som brukar dialekten sin mindre, ifølgje undersøkinga frå Forskningsdagene.

- Eg opplever Facebook som ein privat setting og finn det heilt naturleg å skrive dialekt, seier Åse-Kari Kobbersletten (39). Ho er ein ivrig brukar av vågådialekten, både på Facebook og i sms-ar, og ho er i godt selskap.

- Mange av dei eg er på Facebook med, skriv dialekt. Dette er folk frå Vågå og frå andre plassar i landet.

Kobbersletten seier ho er stolt av dialekten sin, og at den gjerne kjem til syne på post-lappar og på skriftlige beskjedar til familie og vener.

- Blir du alltid forstått?

- Ja, eg føler eg blir forstått når eg brukar dialekt. I alle fall skriftleg.

### Dialekt på facebook

#### Gut (15), Stavanger

Tror iche eg ska laga kjøttkaker ijen:P xD

#### Kvinne (23), Vågå

Døkk æ hjærtetele vælkomne når oss kjøim inn;)

#### Mann (34), Trondheim

Bare mæ å kjæresten i hælga :-)

#### Kvinne (57), Trondheim

Æ kjenne mæ iij igjen sjøl heller.....

#### Kvinne (22), Bodø

E trøtt; Så nu bi de en siste røyk å så god natt;)



Torill Selsvold  
Nyborg (Krfl)  
Fylkesordforar i Hordaland

### På kommunevis

#### Hordaland og det velsigna vatnet

Her i fylket er vi i gang med å rigga oss til for nye gjeremål. Frå nyårsskiftet vert det fleire oppgåver å forvalta, og vi treng både folk og kompetanse for å få det til. Eit av områda fylkeskommunen skal forvalta, er vassressursane. På ein kommunepalnkonsferanse vi hadde nyleg, vart vassressursane kartlagde frå kjelde til kyst. Her i Hordaland er vi velsigna med rikelege mengder vatn både i form av nedbør, vassdrag med stor fallhøgde og produktive fjordar som strekkjer seg inn til alle dei 33 kommunane. Opp gjennom hundreåra har vi utnytta desse ressursane som vasskjelde, til matforsyning og til energiføremål. På 1800-talet fekk fjordane, fossane og breane også ein verdi for turistane.

Eter kvart forstår vi at vatn er drivkrafta og eksistensgrunnlaget for alle oss som er busette her vest. Ja, ikkje berre her, for vatnet gjev også store inntekter til staten.

Vassdirektivet til EU stiller krav til kvalitet. Mange kommunar har god kvalitet på vatnet, medan andre arbeider med saka. Kommunane har ei viktig rolle i å sikra ferskvasskjelder for hushald og næringsliv. Nedbørsfelt må bandleggjast og sikrast i arealplanar, og ny utbygging må koplast til tenlege leidningsnett. Giardia-saka i Bergen viser kor ille det kan gå når noko sviktar. Rundt 4000 menneske vart sjuke, og så mange som 400 vart langtidssjuke. Tilsvarende hendingar kan også skje i andre kommunar. Vi må læra av Giardia-saka, og difor vert det så viktig å ha fokus på vasskvalitet ikkje berre på plansida, men også politisk.

Hordaland fylkeskommune blir forvaltingsorgan for vassregion Vestlandet frå nyttår, og kommunane vil få sentrale oppgåver i dette arbeidet. Det gode samarbeidet mellom kommunar og mellom kommunar og fylke vert umåteleg viktig for å få gode resultat. Vassdirektivet til EU gjeld for Noreg og skal setjast i verk gjennom regionale planar. Det vert eit krevjande arbeid å laga planar for dei mange vassområda i fylket. Men målet er å oppnå god vasskvalitet, og då er samarbeid løysinga.

Her i Hordaland har vi mykje å tapa dersom vårt gode rykte for reint vatn, reint hav og reine næringsmiddel vert truga. Difor er vi veldig glade for at fylkeskommunen no får ansvaret for forvaltinga av vassressursane.

# Mot nye mål

11.500\* unike brukarar  
169.000\* sidevisingar i veka  
Oppdatert kvar dag

24.000\*\* lesarar  
måndag tysdag onsdag  
torsdag fredag

= større dekning



\* I snitt pr. veka \*\*Gallup 1/2007

### - Akers reklamefilm vil setje spor

Ivar Aasen sitt dikt "Nordmannen" spelar hovudrolla i Akerselskapa sin nye reklamefilm. Målet er å vise fram norsk industri og dei verdiane dei tilsette skapar.

- Når me no skal hylle nordmenn og norsk industri, var «Nordmannen» eit klart val, då det er det mest norske me har, seier Geir Arne Drangeid, kommunikasjonsdirektør i Aker, til nm.no.

Han slår også fast at diktet er til god hjelp for å formidle at industrien og dei verdiane Aker skapar, er eit produkt av Noreg og nordmenn, nærleiken til kysten, havet og den industrielle tradisjonen.

- Akers reklamefilm med diktet "Nordmannen" av Ivar Aasen vil setje språkpolitiske spor etter seg, seier direktør Ottar Grepstad i Ivar Aasen-tunet i ei pressemelding. Filmen "Made by Norway" blei vist første gongen onsdag og er eit industripolitisk innspel frå Aker i valkampen.

- Filmen reindyrkar poesien og industrien og målber stor sjølvtilitt, seier Grepstad vidare. Han legg også vekt på at bedrifter som Stabburet og Lerum har gjort nynorsk reklame meir vanleg.

- For få år sidan sa framstående reklamefolk at dei heller ville lage reklame på urdu enn på nynorsk. Seinare har mellom andre Lerum, Stabburet og Sætre brukt nynorsk i reklame. Det er også blitt så vanleg å snakke dialekt i Noreg at reklameprodusentane sakte følgjer etter. Når nynorsk er eit vanleg språk for Aker, vil det vere det for andre også. Eg trur denne filmen vil setje spor etter seg i norsk reklame, seier Grepstad.

### Ung til sinns - på nett

- eit nytt initiativ på nett
- ei satsing på nyhende
- søkjelys på kultur, ungdom og regionalt stoff.

ABC Startside og LNK lyser etter

# Prosjektleiar

for "Ung til sinns - på nett".

Søknadsfrist: Snarast

Les meir om stillinga på [www.LNK.no](http://www.LNK.no)



## PORTRETTE

# Med vindauga mot fjorden

**Jon Fosse (50) er ingen heimstaddiktar, meiner han sjølv. Han er poet. Han diktar.**

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Forfatter Jon Fosse har runda 50 år. Slikt blir det oppstyr av. I løpet av hausten har det blitt lansert portrettbok, blitt arrangert festkveld på Litteraturhuset, seminar og utstillingar.

– Det er ikkje måte på, meiner Fosse sjølv om markeringa, og legg ikkje skjul på at han nyt feiringa best på avstand.

– Det blir sagt at du er blyg, stemmer det?

– Eg er nok blyg. Men ikkje berre det. Eg er blyg også. Og blygskapen i meg vil at eg skal halde meg unna. Og så er det noko anna i meg som gjerne vil vere med, i alle fall på festen, om ikkje på feiringa.

– Du tykkjer det er stas?

– Det hadde vorte altfor mykje for meg. Det har vel vore ein tjuetretti tilskipingar, og eg har vore med på tre; ein samtale under Festspele i Bergen, ein samtale under Fosse-dagane i Strandebar og så ei opplesing under Fosse-veka i Oslo. Det var nok for meg.

Han er blitt kalla vår tids Ibsen. Ingen samtidsdramatikar vert sett opp på så mange internasjonale scener som Jon Fosse. Tekstane hans er omsette til over 40 språk, og skodespela er sette opp meir enn 700 gonger over heile verda. Det skulle berre mangle om ikkje 50-årsdagen hans vert feira.

– Det å bli 50, er det noko å glede seg over, eller noko å frykte?

– Godt å bli femti. Det var på tide, slår den internasjonale forfatteren fast.

Portrettboka *Poet på Guds jord*, som Cecilie N. Seiness har skrive, er eit vindauga inn i livet til poeten, mennesket, vestendingen og dramatikaren Fosse. Men det er ingen biografi. – Nei, den er meir eit portrett eller ein introduksjon til meg og forfatterskapen min. Eg ville ikkje at ho skulle skrive nokon biografi, eg meiner eg er for ung til det. Og så vil eg gjerne skåna mine næraste. Men Cecilie og eg har avtalt at til syttiårsdagen skal ho skrive biografien. Eller før, om eg døyr før eg er sytti.

Litteraturen festa seg tidleg i Jon Fosse sitt liv. – Eg byrja i tolvårsalderen med å skrive tekstar til melodiar eg skreiv. Og snart vart det også til at eg skreiv dikt og forteljingar. Eg skreiv ikkje så mykje i dei åra sjølvsgagt, men litt vart det.

Resten er ei godt kjent historie. Guten frå Strandebar i Hardanger har erobra internasjonale teaterscener med sine skodespel og er blitt kjent som dramatikar, poet og ordkunstnar. Men noko har han framleis med seg frå fjordriket. Ikkje minst minnet om å få servert steikt flesk og egg med steikte poteter og steikt lauk på kjøkkenet til bestemora. Og så sjøen. Oppveksten ved ein fjord i Hardanger og barnedomen ved havet på Karmøy har sett sine spor. Til tider går det også mykje i maritim litteratur, noko som til slutt resulterte i kystskippersertifikatet. – Men eg manglar praksis, sjølvsgagt. Likevel har eg no det sertifikatet Røkke mangla, seier Fosse.

Trass i at Hardanger, bygda Strandebar og garden Fosse betyr mykje som landskap, språk og som mentalitet, pregar det ikkje litteraturen hans direkte.

– Dikting som ikkje går ut over heimsplassen sine grenser blir heimstaddikting. Men sjølvsgagt kjem alle som diktar frå ein plass. Men dikteren er noko heilt anna enn plassen, meiner han bestemte.

Jon Fosse er ein privat mann. Han vernar om livet sitt, familien og kvardagen. Han vil helst ikkje snakke om dei to skilsmisene, dei fire barna eller kjæresten. Det er eit stort skilje mellom det private og det offentlege i Jon Fosse sitt liv. Skildre seg sjølv vil han heller ikkje, det får andre ta seg av. Han vil derimot snakke om litteraturen og dramatikken.

– Kva likar du best sjølv? Er det forfatteren, poeten eller dramatikaren som er den mest framfredande?

– Det er heilt klart dramatikaren som har hatt mest suksess i alle fall. Og kanskje er det dramatikken som er meg nærast. Mykje kan tyde på det. Men sjølv så meiner eg vel at alt heng saman på eit vis, det eine peikar mot det andre, liksom.

– Kva er det som driv deg og forfatterskapen vidare?

– Du kan så spørje. Det er nok slik at den eine teksten så å seie skubbar fram den neste eller den deretter. Skrivninga skriv seg sjølv, nesten. Han finn til og med inspirasjon i sjølve skrivninga – saman med det

rolege livet i Bergen og sjølvsgagt utsikta mot sjøen. Det er med blikket retta mot bølgiene litteraturen blir til. Somme gonger gjev alt seg sjølv, andre gonger må han prøve og feile og ikkje gi opp.

– Eg berre byrjar å skrive, og så lyttar eg meg framover. Vel byrja, og etter ei stund, er det som om teksten er ferdig og eg berre må skrive den av, så å seie.

Om det er ein raud tråd i diktinga? Det er mange trådar, raude og i andre fargar, slår Fosse fast. Alt heng på eit vis saman, både i den einskilde teksten, og tekstane imellom.

Verda ventar på Fosse. Den internasjonale interessa for å setje oppe eit Fosse-stykke er stor. Og Fosse prøver å reise litt, sjå og oppleve nye tolkingar av sine egne tekstar.

– Eg reiser ikkje så mykje lenger. Men litt blir det. Eg er nyss heimkomen frå ein premiere i Firenze, og om ikkje lenge skal eg sjå ein produksjon i Stockholm, på Dramaten. Det var urpremiere der på eit stykke som så fint på svensk heiter *Flicka i gul regnjacka*. Kritikane er svært gode, så eg gler meg.

Men han legg seg ikkje opp i det som blir framført på scena. Jon Fosse vil skrive i fred og la andre kunstnarar få halde på med sitt i fred. Sjølv meiner han det kanskje er grunnen til at han har eit så strålende godt tilhøve til teaterfolk. Men heilt upåverka er han ikkje.

– Det gjer ein lykkeleg når det blir godt teater og om ikkje nettopp ulykkeleg når det blir dårleg teater, ja så er det i alle fall ikkje stas.

Litteraturen til Jon Fosse er ikkje berre dramatik, det er også dikt, prosa, romanar og barnebok. Nyleg kom han med ei ny barnebok, *Spelejenten*. – Den største utfordringa med å skrive barnelitteratur er å ikkje skrive ovanfrå-og-ned, vere pedagogisk. Ein skal dikte også for barna. Dei er menneske dei og, små menneske som står poesien nærare enn dei fleste store.

Fosse omset også litteratur. – Eg likar godt å omsetje. Det å dikte kan vere slitsamt, og som omsetjar får eg gjere det eg kan utan å måtte dikte. Og det å få skrive seg inn i stor dikting, slik ein gjer når ein omset, er eit veldig privilegium. Nett no arbeider eg elles med ein versjon av Goethes *Faust* for Stockholm Stads-teater. Eg skriv på nynorsk, og så blir



Foto: Cecilie N. Seiness

min tekst omsett til svensk. Språket er ikkje tilfeldig. Nynorsken står Jon Fosse nær. Eit språk som fell seg heilt naturleg for han.

– Nynorsken er det viktigaste i livet, som eg seier. Og berre litt på fleip. – Du har sagt at nynorsken døyr ikkje?

– Det er berre slik, det. Det er ikkje noka mening. Det einskilde mennesket døyr, men språket, det lever vidare. Eg døyr, men nynorsken, som eg er del av, og som er del av meg, han lever vidare. Eit enkelt faktum. – Kunne du skrive bokmål? – Eg kan og kunne nok det. Men ikkje så lenge eg heller kan skrive på nynorsk.

Han ser opp til alle gode kunstnarar, levande som døde. Og trekk fram Olav H. Hauge og Samuel Beckett som det næraste han kjem eit førebilete. Spesielt Beckett, både i dikting og liv.

– Er det ein tekst som har gjort ekstra inntrykk på deg gjennom eit langt diktarliv?

– Den nynorske i-målsbibelen, Indrebibelen, har nok vore viktig for meg. Og då eg var ung, gjorde dikta til den austerrikske lyrikaren Georg Trakl stort inntrykk.

– Det er mykje suksess i denne historia, kva er du minst nøgd med?

– Eg vart i si tid lokka til å skrive eit filmanus for det som då heitte Norsk Film. Eg gjorde det, og eg trur framleis det er eit godt manus, kalla for *Bad Moon Rising*, men ingen regissør har vågd seg på det, eller så

har ikkje finansieringa lukkast. Det er det første og siste eg har skrive for film.

## Sjølvmelding

**Namn:** Jon Fosse  
**Alder:** 50

**Bur:** Bergen  
**Aktuell:** Fylte 50 år tysdag 29. september og vert i haust markert med portrettbok og om lag tretti tilskipingar over heile landet. Sjølv held han seg helst på avstand under feiringa.

**Les:** Alt mogleg. Sjølvsgagt mykje litteratur og filosofi, det var det eg studerte, men elles les eg om emne som interesserer meg. Nokre år var det mykje maritim litteratur, for tida er det buddhisme, og då særleg zenbuddhisme.  
**Høyrer på:** Stilla! Vinden, sjøen. Eg likar å ha det stilt rundt meg. Og eg

høyrer sjeldan på musikk, ser lite på fjernsyn og høyrer lite på radio.  
**Førebilete:** Kanskje Olav H. Hauge litt, eller førebilete blir vel feil ord. Samuel Beckett er kanskje det næraste eg kjem eit førebilete. I dikting som i liv.

**ABC Startside**  
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

[www.startside.no](http://www.startside.no)

# I nynorskskogen



Til og med oslommannen og den kjende komikaren, Åsleik Engmark må stoppe og nyte naturen, når ein står ved utsiktspunkt som på Stegastein. (Foto: Maria Torheim)

## I Aurland står folkelege forfattarar, levande lattermaskiner og rause rockeartistar i sentrum.

MARIA TORHEIM  
bladstova@lnk.no

Vinden bles frå begge sider og piskar Åsleik Engmark i andletet der han står og ser bort på utsiktspunktet Stegastein i Aurland. I slutten av juli i år var den gjevaste av svingane opp Aurlandsvegen stappfull av mållause turistar. No, på ein av dei siste dagane i oktober, er Åsleik den einaste.

– Det er fantastisk at det faktisk bur menneskje der nede, seier den kjende komikaren, peikar ned på det nærast folketome glansbiletet og smiler. 43-åringen, som er busett på Nesodden, er godt inngrodd på Austlandet. Han kan likevel innrømme at kona i si tid ville søkje seg til jordbruksskolen i Aurland. Men det var lenge før trillingane deira kom trillande, og ei stund før han tok rolla som Severin Suveren rundt påsketider. Etter det har han vore den evigvarande komikaren Åsleik i Lompelandslaget og mannen med den unike stemma, på utlån til både moldvarpen i Flukta frå dyreskogen og i den siste tida til Knerten i kassasukkessen med same namn. Med raude roser i kinna og kalde hender i bukselomma ser han utover det prisvinnande designverket og dreg på det.

– Ein kjenner dragsuget herifrå, altså. Idet eg trakkar etter han heilt ut mot avgrunnen, kjenner eg begeistringa frå den energiske austlendingen

smitte over på meg. Han snur seg mot meg:

– Så kort oppsummert er Aurland kommune berre utsikt, kraft, turisme og sau, seier han og legg ekstra trykk på sisteordet, "sævv". Han ler så han ristar, men noterer flittig i den vesle notisblokkja då eg fortel om dei mange spesielle turistane eg opplevde i barnedomen, og korleis det kjendest å flytte på hybel som 16-åring. Inspirasjonen frå eit par bygdefolk på omvising er nyttig for komikaren, som seinare på kvelden skal opptre saman med den uforebudde gitaristen og kompisen Jon Rørmark rett etter Linda Eide har sveipa over scena med kameradama si, Kristin Helgeland Hauge. Staden er Aurland, tidsrommet er 30 oktober til 1. november, og det er tid for ei ny utgåve av Nynorske litteraturdagar.

### VIKTIG BODSKAP

– Kring meg i kvardagen finn eg svært lite nynorsk. Eg har opplevd å få lesarinnlegga mine i retur fordi dei ikkje var på riktig målform, seier stortingsrepresentant og leiar i Løvebakken mållag, Ingrid Heggø, som var med på å opne den fjerde utgåva av den svært populære festivalen. Som nynorskbrukar på stortinget har ho i likskap med Liv Signe Navarsete kjent seg aleine.

– Eg er avhengig av å lese bøker på nynorsk. Og for min eigen og andre sin del er det viktig at festivalar som Nynorske litteraturdagar kan inspirere fleire til å skrive. I ei tid der alt skal skje så fort, er det desto viktigare å fordjupe seg i nynorsken og ta vare på det verdifulle mangfaldet ein finn i språket, sa Heggø, som meiner ein difor alltid må leggja konstant press for å oppnå god

opplæring i begge målformene.

### FRAMLEIS RELIGIØS

Etter opninga på fredagen var det ikkje måte på kva mangfald helga kunne by på. Bokbad med forfattere og omsetjaren Tove Bakke og Fjordaquiz med quizmeister og NRK-journalist Stian Sjurson Takle før det var duka for konsert med sognedølen og smeltaren av alle jentehjarta, Olav Stedje. Midt mellom dei to arrangementa på fredagen sneik det seg likevel inn eit arrangement, meir lukka enn andre. Boka Betre død enn homofil? vert av mange vurdert som ei av dei viktigaste bøkene dette året. Med gode meldingar som "... et av de viktigaste bidraga på bokfronten i år", var Arnfinn Nordbø henta inn for å fortelja historia si, med håp om å oppmuntre ungdomssklubbane i Aurland og nabokommunane Lærdal og Årdal, til å vere seg sjølv.

– Hadde kjærasten min heitt Bjørnhild, ikkje Bjørnar, hadde ting sett annleis ut. Den nakne sanninga når fram til dei om lag 70 frammmøtte ungdommane, som sit mållause og syg til seg orda.

– Eg veit ikkje om de nokon gong har sett ein levande homofil? Men det er ikkje noko skummelt og er heller ikkje smittsamt som svineinfluensa, seier Arnfinn, som lokkar fram latter og smil blant ungdommane, før han held fram.

– Eg vaks opp i eit svært konservativt miljø Rogaland, der det å vere homofil var ei av dei verste syndene. Då eg var 12 år, skjonte eg at eg likte gutar, og bad kvar kveld til Gud om å fjerne dei vonde tankane. Eg fann likevel fort ut at det ikkje hjelpte, og då eg var 21 år og flytta til Oslo,

sende eg eit langt brev på 17 sider til foreldra mine og fortalde sanninga. Dagen etter fekk Arnfinn svar.

– Mora mi meinte det kanskje hadde vore best om eg var død i staden for homo. Utstøytt og aleine trudde Arnfinn framleis på Gud, men ikkje like mykje på Guds folk. Etter at den sterke historia var servert, steig stemninga fort opp i taked då jølstring og multikunstnar Oddvar Torsheim var seg sjølv fullt ut saman med Birger Meland frå NRK Sogn og Fjordane.

### GAPSKRATTANDE MORO

– Hovudsakleg inviterer me berre artistar på scena som nyttar nynorsk i skrift, men sidan Nynorske litteraturdagar er eit inkluderande arrangement, har vi teke til oss Åsleik Engmark sidan han også har ei fin dialekt, seier prosjektansvarleg Arve Tokvam og hentar applaus frå salen. Laurdagskonserten og To norske atraksjonar, med Linda Eide og Åsleik Engmark, var utselde under førehandsalet av billetter, fleire dagar i førevegen.

– Det er ikkje heilt riktig som Arve seier, at eg ikkje nyttar nynorsk. Eg kan min santen snakka standard nynorsk, og om eg legg på ein spesiell -r, vil folk straks tenkja at, oi, han må no vera frå ein nynorsk stad, seier Engmark på teaternynorsk, før han let publikum koma til hektene frå ein gigantisk latterkrampe. I salen sit fleire tilreisande samt fleirfaldige aurlendingar. Engmark og Eide tok prisen for det mest populære programmet på plakaten, som henta inn fullt hus og 150 tilreisande. Etter avslutta show treff og Åsleik att på innsida av dei romslege, men heimkoselege lokala på Fretheim hotell.

– Eg lagar alltid tekstane der og då, og Rørmark her må jamme med på gitaren, seier Åsleik. Rørmark vil ikkje vere dårlegare og kvitterer:

– Han er berre genial, rett og slett, seier makkeren om Åsleik, før dei forsiktig og usett forsvinn ut av lokala og inn i bilen på vegg heimatt til tigerstaden med verdifulle litteraturopplevingar i kofferten.

### Tre nynorskeforfattarar nominerte til Brageprisen

Maria Parr, Lars Mæhle og Tove Bakke er nominerte til Brageprisen 2009. Maria Parr er nominert med barneboka Glimmerdalen, ei bok som allereie er omsett til fem språk og som også er nominert til Bokhandlarprisen. Lars Mæhle er nominert med ungdomsromanen Livet under isen, ein fantasyroman med utgangspunkt i religionshistoria. Tove Bakke er nominert for omsetjinga av den nyaste romanen til Anna Gavalda, Lykken er ein sjeldan fugl. Bakke har omsett fleire av den franske forfattere Gavalda sine bøker.

# Meir enn nögde

Nynorske litteraturdagar nærmar seg slutten. Tidleg ein søndagsmorgon er prosjektleiar Arve Tokvam sliten, men glad for at alt har gått så bra.

MARIA TORHEIM  
bladstova@lnk.no

– Eg byrjar å merke at festivalen snart er ferdig, for eg har ikkje mykje overskot att, ler Tokvam før han held fram.

– Sjølv sagt er det veldig kjekt, men hadde det ikkje vore for dei 25 frivillige som hjelpte til i år, hadde det vore ein vanskelegare situasjon. Det vert meir tid for oss ansvarlege til å vera vertskap med ein slik flott gjeng som har avlasta oss, legg han til.

### TETT SAMARBEID

Forlaga Skald, Selja og Det Norske Samlaget er i følge Tokvam festivalens viktigaste støttespelarar. I ein prosess der forlaget presenterte dei aktuelle forfatarane, og prosjektgruppa så måtte finne fram til dei gode ambassadørane i forhold til dialekt og formidling, har det ikkje alltid vore enkelt. Valet landa likevel på mange kjende og flinke forfatarar og artistar som Finn Tokvam, Lomsk, Linda Eide, Hallgrim Berg og Marit Eikemo.

– Me er strålende nögde og har opplevd å selja fullt hus på fleire av arrangementa. Også forlaga har merka



Prosjektansvarleg Haakon Skjerdal for Aurland Kommune, prosjektmedarbeidar Margunn Tolleshaug, marknadsansvarleg Ragnhild Hauglum Skahjem, og prosjektleiar frå Aurland prosjektneeste AS, er meir enn nögde etter vel endt festival. Foto: Maria Torheim)

at det var vore fleire vitjande i år, og har såleis fått selt fleire bøker, seier Tokvam, som vidare avslører eitt av triksa som gjer at forfatarane kjenn seg godt mottekte; ein frivillig guide for kvar enkelt når dei kjem til arrangementet. Prosjektgruppa er difor godt nögde, totalt sett. Korkje rekneskapen eller talet på vitjande er klart foreløpig, men Tokvam ser at arrangementet i alle fall kjem til å halde seg innafor det som er budsjettet.

### STORT PROSJEKT

Med på laget til Tokvam var også den unge og nyutdanna aurlendingen Ragnhild Hauglum Skahjem, som i år har fungert som marknadsansvarleg for festivalen. Skahjem har hatt ansvaret for eit stort prosjekt sidan ho vart ein del av prosjektgruppa i sommar. – Me har marknadsført meir enn tidlegare, som å lage ei programavis

lag, forlag og bibliotek. Facebook var også ein av stadene Skahjem nytta til marknadsføring. Begge grepa har tydelegvis hjulpet festivalen eit stort steg vidare på vegen. – Etter at programavisa vart delt ut, har me fått mange telefonar frå Ulvik og Granvin i Hordaland, og me føler at me har nådd større grupper. Tokvam meiner det er mogleg å hente fleire tilreisande, spørsmålet er korleis ein kan gjera det meir attraktivt for tilreisande å bli over helga på hotellet.

### KAN UTVIDAST

At festivalen i det heile vart ein realitet, kan alle litteraturinteresserte takka ordføraren, Olav J. Ellingsen, og tidlegare assisterande rådmann i Aurland kommune, Claus Røyndal, for. Då dei i 2005 tenkte tanken, heiv dei seg rundt året etter og laga

festival. Det er Tokvam med fleire svært glade for.

– Vi jobbar heile tida med å forbetre festivalen, men det står og fell litt på den politiske viljen til å satsa på prosjektet. Når det er sagt, vert det nok vanskelegare å leggja ned når ein ser kor populært tilbod dette har vorte på kulturfronten. Tokvam ynskjer likevel at Nynorske litteraturdagar kan få inn fleire støttespelarar slik at ein ikkje treng vera like avhengige av Aurland kommune.

– I tida framover vil me prøva å få statleg støtte gjennom å kome oss inn på statsbudsjettet, seier han. I dag er det Norsk kulturråd, Aurland Kommune og fylkeskommunen som står bak den direkte finansieringa av festivalen, medan Aurland sparebank er hovudsponsor.

– Det er ikkje så lett å få inn sponrorar, men me vonar at festivalen dette året kan gjera sitt til at fleire aktørar kan sjå verdien i å sponse arrangementet, og at me slik får fleire bein å stå på økonomisk, seier Tokvam og avsluttar med ei von om at festivalen får langt fleire leveår.



## Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

**Enkeltrom 970,-  
Dobbelrom 1110,-**

*Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!*

**Best Western  
Hotell Bondeheimen® & Kaffistova®**




Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00  
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

Ivar Aasen

Ivar Aasen  
Norske Ordsprog, 1881



# Framleis tru på Garborg-senter

**Nasjonalt Garborgsenter fekk ikkje støtte over statsbudsjettet. Prosjektleiar Einar Schibeavaag er likevel optimist.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Dåverande kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) tok tidlegare i år det første spadestikket for Nasjonalt Garborgsenter på Bryne. Samstundes vart det langt på veg gitt lovnadar om midlar til utvikling av senteret.

– Dette er ein svært viktig dag. Dette blir eit senter som skal gi mange menneske mot til å meine, slik Bryne og gymnaset her i si tid gav meg. Time kommune og Jærmuseet har i dag vist styrke til å skape, sa Kleppa til Stavanger Aftenblad då ho sette spaden i jorda. Likevel fekk ikkje prosjektet støtte over statsbudsjettet. Garborgsenteret søkte om ti millionar til utstillingsdelen av senteret, sjølv bygget er derimot finansiert av Time kommune.

– Me er sjølvsagt skuffa over at det ikkje har kome pengar. Men det får ingen innverknad på arbeidet vårt, me jobbar vidare og er optimistar, seier Schibeavaag, som er prosjektleiar på oppseiing. Truleg vert han verande i jobben fram til sommaren 2010.

– Det er sagt frå Stortinget at det er viktig å få på plass eit Nasjonalt Garborgsenter i 2011, då reknar eg og med at dei følgjer det opp, slår han fast. Både direktør i Jærmuseet, Målfrid Snørteland, og ordførar i Time, Arnfinn Vigrestad, har uttalt at det kan bli ei utfordring å opne senteret i 2011 utan støtte over statsbudsjettet. Schibeavaag er likevel optimist og meiner pengane vil kome.

## SPØRSMÅL TIL KULTURMINISTEREN

Både Schibeavaag og Snørteland har tidlegare forsikra at 500 000 kroner av statsstøtta som Jærmuseet fekk over budsjettet i fjor og i år, skulle kanalisert til Garborgsenteret. I ettertid har fleire stemmer vore ute og poengtert at denne summen likevel ikkje er øyremerkt. Men Schibeavaag forsikrar også no at desse midlane er berekna på senteret.

– Garborgsenteret kan ikkje få støtte sidan me ikkje er ein eigen organisasjon, dermed kjem støtta via Jærmuseet. Og midlane som vart løyvde blei gjort av den same komiteen på Stortinget som slo fast at etableringa av eit nasjonalt garborgsenter er viktig, slår han fast. Trass i at prosjektet ikkje fekk den støtta dei hadde søkt om, er senteret kome med på lista over prosjekt som kan få tilskot i seinare statsbudsjett. Stortingsrepresentant Dagfinn



Slik skal Garborgsenteret etter planen sjå ut. (Illustrasjon: Asplan viak)

Høybråten (KrF) ber no kulturminister Anniken Huitfeldt (Ap) om lovnader. – Det var overraskande at statsbudsjettet var så blankt på dette punktet, seier han til Jærbladet og viser til at han meiner regjeringa langt på veg hadde gitt lovnader i forkant.

## GAMAL STRID

Trass i eit vedtak frå kommunestyret i Time som slår fast plasseringa for Nasjonalt Garborgsenter, er det framleis strid om bygget. Det siste utspilet kom frå Torstein Garborg, som bur på garden Arne Garborg vart fødd og vaks opp på. Han tilbyr no kommunen tomt på garden

til å bygge eit Garborg-senter på Schibeavaag legg derimot vekt på at denne debatten no burde vere over.

– Eit samla kommunestyre vedtok kor bygget skal byggjast – og der blir det bygd, seier han. Den lokale målrørsla er splitta i synet på Nasjonalt Garborgsenter. Leiar i Rogaland Mållag, Kirsten Tegle Bryne, og tidlegare leiar i Time Mållag, Tarald Oma, er blant dei kritiske stemmene.

– For meg verkar det planlagde Garborg-senteret på Bryne meir som eit lokalt enn eit nasjonalt senter. I dag er Garborg-senteret ein del av eit

større bygg, og det er gjeve løyve til tre etasjar til heilt andre føremål. For meg verkar det heilt utruleg, seier Kirsten Tegle Bryne til Dag og Tid. Schibeavaag tek kritikken frå målrørsla til etterretning. Han slår samstundes fast at Garborg-senteret ikkje er eit prosjekt for målrørsla, men for folk flest.

– Men eg trur også senteret vil bli ein ressurs for målrørsla, seier han. Senteret som er under bygging, blir lokalisert i lag med det nye biblioteket til Time kommune. I det same området ligg også høghuset til Forum Jæren.

## Høghus med sitat

**Høghuset til Forum Jæren på Bryne er den tredje høgaste bygningen i landet. No blir det eit nynorsksitat i kvar etasje.**

Det er forfatter Arnt Birkedal som har valt ut dei nynorsksitata frå forfatterar i Rogaland som skal pryde den 65 meter høge bygningen. I første omgang vil det bli plassert eit sitat i kvar etasje, men planen er at det etter kvart også skal kome fleire. Eit sitat frå forfatteren og lyrikaren Alf Saltveit frå Haugesund er alt på

plass. Dermed står dei 18 resterande etasjane att. Målet er å få opp alle sitata før jul. Signalbygget til Forum Jæren rommar kontorlokale, møte-rom og konferanselokale i tillegg til butikkar og kafé på bakkeplan. Nasjonalt Garborgsenter, det nye biblioteket i Time kommune og ein ny vidaregåande skule kjem i same bydel.



Jan Olav Fretland

– førsteamanuensis i norsk, medlem av Språkrådet

## Språkråd

### Kva gjer me med -heit?

“Du, Fretland, kva skal eg gjera med sårbarheit,” var det ein som roppte til meg på Sola flyplass her om dagen. Bortsett frå at det var ein rar måte å seia god dag på, er det ikkje noko uvanleg spørsmål å få. Mange lurer på “kva det heiter”, om det går an å seia ferdigheit, og om nyhende er betre enn nyheit, og kva med mulegheit og leilegheit og alle dei andre.

**For det første:** Bøy og skriv desse orda rett: Det er snakk om -heit, ikkje -het, og det er hokjønn: ei leilegheit, den leilegheita, fleire leilegheiter og dei leilegheitene. Hugs det, så me slepp viret av skrivemåtar som eg ser ganske ofte.

**For det andre:** Det er ikkje noko gale med å bruka ein del -heit-ord i nynorsken i 2009. Alle orda eg har nemnt ovanfor, står i ordlista, og dei er ikkje noko mindreværdige i høve til ord på -leik eller -skap, som gjerne vart tilrådde før i tida. Altså: ferdigheit og dugleik er begge nynorskord. Forskjellen, eller skilnaden, har med stil og tradisjon å gjera. I retningslinjene for nynorsk ordtilfang frå Språkrådet seier me også at der det er innarbeidd og velkjende alternativ til heit-ord, unngår me gjerne heit-orda. Derfor finn du berre fridom og klårleik. Og det heiter tålmod, ikkje tålmodigheit (eller tålmodigleik, for den del) og samvit, ikkje samvittigheit). Somme ønskjer å halda på ein tradisjonell nynorsk og unngår ord på -heit og -else. Andre vil gjerne bruka slike ord, når dei fell naturleg ut frå talemålet og måten dei skriv nynorsk på elles.

**Ei anna sak** er at nynorsken ofte blir betre om me byter ut slike substantiv med verb eller adjektiv. *Sauene har stor sårbarheit for sjukdommen er noko meir klumsete enn Sauene er svært sårbare for sjukdommen.* Men det har ikkje noko å gjera med kva substantivet endar på. Men det er viktig at me blir støare i å bøya desse substantiva. I ei undersøking eg gjorde nyleg i studentarbeid, fann eg attåt arbeidsløyse, som det heiter på nynorsk, både arbeidsledighet, arbeidsledighet og arbeidsløshet. Ein student hadde både -løshet, -ledighet og -løyse i same oppgåva. Det må ein kalla kreativ!



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

## Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus.

Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.

KOMMUNE  
KREDITT

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

**Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!**

**www.magasinett.no**

**Nett det du treng på nettet?**

**NO OG MED EIGA  
HANDBOK  
FOR LÆRAREN!**

### Flytter oppgaver

– Samhandlingsreforma blir den største reforma for kommunane i manns minne, seier kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) til Kommunal Rapport.

Ho legg vekt på at ein no skal flytte store og nye oppgaver og makt til kommunane.

– Me skal snart starte arbeidet med eit lovverk for samkommunar, som skal vere ferdig i løpet av 2010. Dette lovverket er vårt svar på spørsmålet om kumunesamanslåing, seier den nye kommunalministeren til Kommunal Rapport.

Ho utelukkar ikkje at samhandlingsreforma vil føre til kumunesamanslåing. – Men dette må i så fall vere eit resultat av ein lokal og frivillig prosess, slår ho fast.

**ABC  
Startsida®**  
- Ver nynorsk på nett

**Din naturlege start  
på internett  
www.startsida.no**



# Spektakulær sauedrift

Me prøver å få fram det unike i Sirdal, seier dagleg leiari i Sirdalsferie, Anita Vik, om Sirdalsdagane og den store sauedrifta.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Den første helga i september er tradisjonen fast. Då inviterer Sirdal til den store folkfesten som plar samle om lag 10 000 menneske i løpet av ei enkel helg. Og som alltid opnar festen med at om lag 5000 sauer marsjerer i flokk nedover hovudvegen frå Suleskar til Kvæven. Den store sauesamlinga er blitt ein attraksjon i fjellkommunen.

## POSITIVE RINGVERKNADAR

– Mange festivalar slit. Men eg trur me har funne fram til noko av det unike i Sirdal, ingen andre har noko slikt som dette, seier Vik. Ho håpar Sirdalsdagane kan vere med på å vise fram ein gamal kulturarv og tradisjon. Sjølv om det også i Sirdal er blitt færre sauer i heia, er det framleis ei stor drift som vert ført samla ned til bygda. Før, på 1800-talet, var det heile 80 000 sauer i heia, no er det rett nok berre 20 000, fortel Anita Vik. Likevel er den store sauedrifta i dag eit sjeldant bilete på ei gamal næring.

– Det er eit spektakulært syn. Og me ser jo at ikkje alle er like vane med å vere i lag med dyr som før, fortel ho og viser til at festivalen også pleier å ha andre sauearrangement som sauebingo, sal av ulike ullprodukt, matrettar av sau og sauegjeting på programmet. – At folk kjem att gong på gong, viser at dei kosar seg, meiner ho om



Det handlar mykje om sau i Sirdal. (Foto: Svein Rune Skilnand)

arrangementet. Ho legg heller ikkje skjul på at festivalen gir positive ringverknadar for økonomien, både i idrettslaga, turistnæringa og handelsstanden. – Og naturlegvis fører den til ein del mediedekning som er positiv marknadsføring for kommunen vår, slår ho fast.

## VARIERT PROGRAM

Sirdalsdagane er det største kulturarangementet i Sirdal og markerer den snart 180 år gamle tradisjonen med å bringe sauer frå Jæren og Dalane til Sirdalsheiane for å beite på sommaren. Dette blir markert med ein

tre dagar lang fest. I år gjekk arrangementet av stabelen for 19. gong. Sentralt denne helga står også eit variert underhaldningsprogram. Til dømes besøkte kjendisar som artist Tone Damli Aaberge og fjellklatrar Cecilie Skog festivalen dette året. Men meiningane er også mange og varierte om Sirdalsdagane. Saueidrifta har ved fleire høve blitt kritisert fordi nokon meiner turen ned langs fylkesvegen er for lang og trøttar ut dyra. – Me har ein sær god dialog med mattilsynet og utfører dei tiltaka som dei ber oss om. Me har også tett kontakt med dyrlege undervegs og ein

fast følgebil som tek opp skadde og trøtte dyr. Difor er ikkje dette noko stort problem, meiner Vik bestemt. No ser Sirdalsferie også på kva ein kan gjere for å få meir ut av skirennet Sesilåmi som arrangement. Det er nemleg også stor folkeinteresse for det 52 kilometer lange rennet frå Setesdal til Sirdal. – No har me fått til eit stort arrangement rundt sauesamlinga. No må me spørje oss sjølv kva me kan få ut av dette populære skirennet, slår Anita Vik fast.

# Etterlyser samarbeid

Ordførar i Sirdal, Thor Jørgen Tjørhom (Sp), meiner private og offentlege krefter i kommunen må bli flinkare til å samarbeide skal ein oppnå vekst i næringslivet og eit auka folketal.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

– Dersom me ikkje får auge opp for det som me vil utvikle, og dersom me ikkje får til eit samarbeid mellom det private og det offentlege, er eg redd me vil bli gåande med litt bakglatte ski, som i dag. Men dersom me lukkast i å få til ei felles plattform, så trur eg at me om ti år berre har sett byrjinga av det som vil bli vekst i næringslivet, folketalet og ei styrkt omdømmebygging, seier Tjørhom. Kraftkommunen har om lag 1700 innbyggjarar fordelt på 1500 kvadratkilometer.



(Foto: Sirdalsferie AS)

– Me har nesten ein kvadratkilometer per person, slår Tjørhom lattermild fast. Og desentralisering er viktig. – Det er ein stor kommune. Og me ynskjer til dømes at ein skal få ein alderdom der ein bur. Det vil seie at ein får bu lengst mogleg heime, ikkje

på institusjon, sjølv om dette kan vere ein dyrare måte å drive på, seier ordføraren.

## GOD TIL Å SPARE

I dag er Sirdal ein rik kraftkommune. Det har ikkje alltid vore slik. Fram til utbygginga av Sira-Kvina-vassdraget på byrjinga av 1960-talet var kommunen ein landbrukskommune. I dag er derimot store deler av kommuneøkonomien basert på kraftinntektene. Eit ansvar kommunen klarer å ta, i fylgje ordføraren. – Sirdal har hatt driftsoverskot på den kommunale rekneskapa i mange år, og me har ikkje hatt noko behov for å pøse kraftmidlane ut i drifta. Eg vil påstå at kommunen har hatt nokså god styring på midlane, og at ein har vore relativt god til å spare, slår han fast. Det kan kome godt med når kommunen no skal investere om lag 200 millionar kroner i oppgradering av skulebygg og utemråde. Kraftmidlane vert også sett av til eit fond for framtidige investeringar som skal styrkje næringslivsutviklinga i kommunen.

## SATSAR PÅ REKRUTTERING

Som så mange andre distriktskommunar er folketalet ein av kommunen sine største utfordringar. – Me ser at dersom me skal få ungdommane våre heim att, så må me for det første ha jobb til begge, og så må me ha varierte kompetansearbeidsplassar tilgjengelege, meiner Thor Jørgen Tjørhom. Han legg ikkje skjul på at kompetansearbeidsplassar ikkje er det kommunen er best på. Ungdommane vil ha spanande jobbar som svarer til utdanninga deira.

– Med dagens utdanningskrav, der ein ofte har fem til ti års utdanning, kjem også kravet om ein god jobb og ei god lønn for å til dømes klare å betale studielånet. Sirdal kommune har også lagt ned ein del arbeid i rekrutteringstiltak for ulike yrke. – Me har innført gode permisjonsreglar og lønnsmidlar for å rekruttere blant anna førskulelærarar og helsepersonell. Sirdal er ikkje navlen i verda, så skal me få tak i flinke folk, må me tilby ei høgare

grunnlønn enn mange andre plassar, seier han.

## FOR FÅ OVERNATTINGSSTADAR

Sirdal er både hytte- og reiselivskommune. Men kommunen har for få overnattingsstadar, slår ordføraren fast. Kommunen har eit stort belegg på sine 3000 private hytter og leilegheiter i helger og feriar. Og dagsturismen er relativt stor. Tal frå reiselivsnæringa viser at innbyggartalet på 1700 personar i kommunen i helger og feriar er oppe i 4–5000 personar. Men kommunen treng altså fleire overnattingsstadar for at turismen skal veksa ytterlegare. Eit resultat av dette er blant anna at det i kommuneplanen er avsett areal til tre nye hotell som er under planlegging.

– Me har fire store skitrekke i Sirdal. Men skal me klare å konkurrere med andre skiaplassar i nærleiken, må me få eit større volum når det gjeld overnattingsstadar, seier Tjørhom. – For å få dette til må me også ha tilrettelagde fritidsaktivitetar og gode løyper, seier han og viser til at kommunen har eit ansvar for å styrkje reiselivet, samstundes som kommunen ikkje skal inn i næringa for å drive. Det får andre krefter ta seg av. – Det offentlege kan også bli ei sovepute for det private næringslivet. Det er ikkje bra, meiner han. Kommunen si oppgave blir heller å leggje tilrette for gode møteplassar som skaper godt omdømme.

## KULTURKOMMUNEN

Sirdal er også kulturkommunen. – Kultur er ein viktig faktor for næringsutvikling og for å auka folketalet, meiner Tjørhom og viser til at kommunen har mange frivillige som engasjerer seg i organisasjonar og elles i lokalsamfunnet. – Kultur er ein vekstfaktor, slår han fast.

# Satsar på felles marknadsføring

Sirdalsferie sto i bresjen for eit omfattande profilprosjekt i Sirdal som vart avslutta i fjor. Resultatet er ein felles profil for næringslivet i regionen og ein felles plattform for marknadsføring. No samlar kommunen seg under "iskrystallen".

– Ja, den kan sjå ut som ein iskrystall, men den kan også vere mange andre ting, som til dømes ei leiestjerne, smiler dagleg leiari i Sirdalsferie, Anita Vik.

– Me prøver å kommunisere ut at Sirdal er ein energifyllt kraftkommune, samstundes som skrifta i profilen uttrykker tradisjonar og stabilitet. Prosjektet er meint å oppmuntre næringslivet til samarbeid. Målet er at ei felles marknadsføring skal gjere Sirdal betre kjent og auke omsetnaden i næringslivet.



## Sirdal kommune



Sirdal er ein innlandskommune i Vest-Agder. Kommunen har eit folketal på 1757 innbyggjarar fordelt på 1547 kvadratkilometer. Kommunen ligg sentralt til, på to timar eller mindre kan du vere både i Kristiansand, Stavanger, Flekkefjord, Egersund, Sandnes eller Bryne.

Kommunesenteret er Tonstad, her finn du kommuneadministrasjon, helsesenter, statlege kontor og tenesteverksemdar. Turistsenteret er Sinnes, der ein også finn ulike typar tenesteverksemdar. Målet er ifølgje kommunen at Tonstad og Sinnes skal vere levande senter for innbyggjarar og tilreisande.

Kommunen vart i år kåra til årets kulturkommune i Agder. Sirdal vart også heidra som kulturkommune i 1998.

Sirdal er truleg aller mest kjent som hyttekommune og turistkommune, men også for Sirdalsda-

gane, der den store sauedrifta står sentralt.

Lokalavis: Sirdølen

## Kommunestyret i Sirdal er samansett slik:

Ordførar : Thor Jørgen Tjørhom (SP)  
AP: ..... 3  
SV: ..... 1  
SP: ..... 4  
KrF: ..... 4  
V: ..... 1  
H: ..... 2  
FrP: ..... 3

Les meir: sirdolen.no, sirdalsferie.com, sirdal.kommune.no

## Nynorsk språk- og dokumentlære

Todagars kurs for statleg og kommunal forvaltning

### ALTERNATIV 1:

**Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag**  
Kurshaldaren lagar ein diagnose som resten av kurset blir lagt opp etter. Det mellomliggjande arbeidet gjev skrivetrening og høve til å arbeida ekstra med språket i organisasjonen.

### ALTERNATIV 2:

**Enkel diagnose – to kursdagar**  
Ein enklare variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk.

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs: [hsofoppdrag@hsf.no](mailto:hsofoppdrag@hsf.no) eller telefon **57 67 60 00**

Kursa kan bestillast av ein oppdragsgevar og haldast på arbeidsplassen  
Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane.



HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE

Sirdal



# Satsar på kultur

**Sirdal er årets kulturkommune i Agder. – Dette viser at kommunen satsar på kultur, seier kultursjef Alf Sveinung Haugom.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er Agderutvalget i Norsk kulturforum som har kåra Sirdal til årets kulturkommune i Agder. Og det er ikkje første gong. Også i 1998 fekk kommunen denne statusen, den gongen som beste kulturkommune i Vest-Agder. Noko av bakgrunnen for at prisen gjekk til kraftkommunen dette året, ligg i ei brei satsing på kultur den siste tiårsperioden.

– Eg trur me er den første kommunen som har fått denne utmerkinga to gonger, seier Haugom. Kultur og frivillig arbeid står sentralt i kommunen, som også har eit breitt tilbud for barn og unge. I tillegg vert også den sterke satsinga på idrett trekt fram som eit argument for å gi Sirdal prisen.

– Me er heldige sidan kommunen har ein god økonomi og kan gi eit godt kulturtilbod. Til



Sirdal kommune har ei brei satsing på kultur. Noko prisen årets kulturkommune i Agder er resultat av. (Foto: Oddvar Tjømli)

dømes får alle plass i kulturskolen i Sirdal, slår kultursjefen fast. Juryen legg i grunnleggjande vidare vekt på at kultursatsinga har som mål å stimulere til høgare livskvali-

tet og skape gode møteplassar for innbyggjarane i kommunen.

– Dette er naturlegvis ei påskjøning for oss som arbeider med dette. Og kommunen bruker det då også aktivt i marknadsføringa.

## Suleskarvegen med maratonløp

Suleskarvegen, som går frå Suleskar til Brokke, er kjent for å vere det høgaste vegsambandet på Sør-Vestlandet. Attraktive stoppestadar langs vegen er fabrikkut-sala til Figgio og Skjæveland, samt Byrkjedalstunet, som byr på tradisjonsmat. Vidare går vegen til Sirdal og over høgfeltet til Brokke i Setesdal. Det høgaste punktet på vegen er 1050 meter over havet. Suleskarvegen er vinterstengd frå og med 1. november. Suleskarvegen har også sitt eige maratonløp. Suleskar maraton 2010 går av stabelen 29. mai. Løpet følgjer Suleskarvegen, med start på Noremeland i Setesdal og målpassering i Suleskard i Sirdal. Dette maratonløpet vert rekna som det hardaste i Noreg. I 2010 vert styrkeprøven arrangert for 13. gongen. Her kan ein delta både i heilmaraton, halvmaraton og stafett. Les meir på [suleskarvegen.no](http://suleskarvegen.no)

Eg trur folk har fått dette med seg, seier kultursjefen og legg vekt på at prisen også er ei viktig brikke i kommunen si omdømmebygging. Framover vil kommunen freiste å knyte kultur og næring tettare saman for å sjå om det kan gi både vekst og fleire arbeidsplassar.

– Det blir naturlegvis også ei utfordring å halde kultursatsinga på det nivået me har i dag. Sjølv om kommuneøkonomien framleis er god, er den ikkje slik den var på 90-talet.

# Skomakar, bli ved din lest

**Og slik blei det i Aurland. Eit viktig handverk er igjen blitt ei sentral brikke i den kulturbaserte næringsutviklinga i kommunen.**

EINAR SCHIBEVAAG  
einarn@norsk-plan.no

– Skoen er ei merkevare for Aurland som me skal ta vare på og utvikle til det beste for regionen, seier Arve Tokvam som har vore pådrivar for å gjera tradisjonen og produksjonen kjende for fleire.

– Aurland skofabrikk AS er den første verksemda av i alt 18 prosjekt som skal vera med i eit nordeuropeisk pilotprosjekt. Målet er å visa lokale handverkstradisjonar si historie knytt opp til der produksjonen finn stad.

## INSPIRASJON FRÅ CANADA

Ideen er henta frå Canada, der ein yn-sker å sameina kulturtradisjonar, turisme og økonomisk vekst. Målet har vore å ta vare på og styrkje statusen til



Astrid Navarsete (øvt) er med på å utvikla eit tradisjonsbandverk frå Aurland (Foto: Einar Schibevaag)

lokale handverk. Gjennom å la turistar oppleve levande design og produksjon søker ein å skapa økonomisk grunnlag for vidareføring og utvikling av viktige handverkstradisjonar.

– Aurlandsskoproduksjonen var svært viktig for lokalsamfunnet. Fram til for kort tid sidan såg framtida mørk ut. No blir det satsa, og dette tiltaket blir og sett inn i ein større samanheng til dømes som ei viktig oppleving for dei reisande. Dette i lag med andre tiltak kommunen har fokus på, styrkjer Aurland og Indre Sogn som reisemål, meiner Tokvam.

Kulturbasert næringsutvikling har vore viktig for Aurland kommune i lengre tid. Ei målretta satsing gjennom fleire år er med på å utvikle eksisterande og nye sider ved det produktet som skal gi eit mangfald av opplevingar. Det er nok å nemna satsinga på Flåmsbana, cruisehamna i Flåm, Nasjonal turistveg over Aurlandsfjellet, Nynorske litteraturdagar, ølbrygging og no altså foredling av ein unik skotradisjon i kommunen.

– Ved at me får fleire tilbod for dei reisande, er det påstandane våre at me òg greier å halda dei reisande i området lenger, og at sesongen blir lengre. Det er svært viktig for å styrkje

næringsgrunnlaget for verksemdene våre, seier Tokvam.

## OPPLEVING OG PRODUKSJON

Det er etablert eit formidlings- og visningsenter som ein del av butikklokalet og verkstaden som ligg på Aurlandsvangen. Du får sjå korleis skoproduksjonen utvikla seg i bygda, med 15 fabrikkar på det meste, og korleis handverket har utvikla seg. I tillegg møter du dei som har sitt virke i dag på fabrikkene, og får oppleve korleis dei utover eit solid handverk.

– Me såg at produksjonen gjekk ned ved fabrikkene, og at den trong impulsar. Så blei me kjent med at Hordaland fylkeskommune arbeidde med eit utviklingsprosjekt som no har enda opp i prosjektet Economuseum Northern Europe, seier Tokvam. Han legg også vekt på at Aurland skofabrikk er først ute i prosjektet og det nå kokar i bedrifta som har auka frå to til fire tilsette.

Mange som kjem til senteret, etterlyser fleire modelltyper, og det skal kundane få. I eit samarbeid med kunsthøgskulen i Bergen utviklar dei nye uttrykk for aurlandsskoen.

– Men målet må vera at ein større del av produksjonen skal finne kunden sin andre stader enn ved fabrikkene i Aurland.

Economuseet Aurland skofabrikk blir også viktig for utviklinga av Aurlandsvangen.

– Det å ha eit kulturelt og turismemessig fyrårn i eit område er av stor verdi, meiner Tokvam. Både for eksisterande bedrifter og nyetableringar. Det kjem mange reisande til Flåm gjennom cruisetrafikken og det blir viktig å få synergiar av denne til det trivelege kommunesenteret som ligg på Vangen i Aurland.

– Målet vårt er òg at me kan stimulere til å formidla andre kulturbaserte aktivitetar i regionen ved dette senteret.

# 16-åringar får røysta i 20 kommunar

**20 kommunar og Longyearbyen lokalstyre får delta i forsøket med røysterett for 16- og 17-åringar ved lokalvalet i 2011.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

143 kommunar søkte Kommunal- og regionaldepartementet om å få delta i prøveprosjektet der 16-åringane skulle få røysterett ved lokalvalet i 2011. Målet med prosjektet er å auke det politiske engasjementet blant ungdommen.

Marker, Lørenskog, Hamar, Vågå, Sigdal, Re, Porsgrunn, Grimstad, Mandal, Gjesdal, Stavanger, Austevoll, Luster, Ålesund, Osen, Namdalseid, Tysfjord, Kåfjord, Hammerfest, Kautokeino og Longyearbyen lokalstyre er valde ut til å delta i prosjektet.

– Heile 143 kommunar søkte om å få bli med på prosjektet. Interesse var overveldande. Skal me behalde eit levande lokaldemokrati også i framtida, må me ha ungdommen med oss. Eg vonar 16-åringar ved å kunna røysta ved lokalval kjem fortare inn i ei rolle som aktive innbyggjarar i lokalsamfunna sine, seier tidlegare kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa i ei pressemelding.

I utveljinga er det lagt vekt på variasjon i storleik, geografi, sentralitet, politisk samansetnad i kommunestyret og variasjon i alderssamansetnaden.

– Saman med dette har me lagt vekt på korleis kommunen i søknaden seier at dei vil trekkja ungdom med i politisk arbeid. Til saman vert dette eit forsøk som omfattar ulike typer kommunar i heile landet, seier Kleppa.

*- Rasmus Løland var ein forfattar. Eg tykte han var ein god forfattar. Han mala med ord, og då måtte me mala med fargar.*

henta frå blogg på [kvitebjørnen.no](http://kvitebjørnen.no)



## Kvitebjørnen - undring og læring

- eit pedagogisk pilotprosjekt for elevar frå 6. - 10. trinn frå 2008-2012

Andre året av prosjektet er i gong med rundt 300 elevar frå 16 skular i 5 fylke.

Les skulebloggane på [www.kvitebjørnen.no](http://www.kvitebjørnen.no).

Tema 2009: Fantasi og skaparkraft med utgangspunkt i lokalmiljøet.

nashornet.no

kvitebjørnen.no

### Samarbeidspartnarar:

Rogaland Fylkeskommune  
Sparebank 1 SR-bank  
ABC Startida  
Haugesunds Avis  
Suldal kommune  
Asker kommune  
Kunnskapsdepartementet  
Kulturdepartementet  
Ryfylkefondet  
LNK  
Norsk Plan AS

STIFTINGA RASMUS LØLAND-MARKERINGA

UNDRANDE OG SKAPANDE



Lakseslottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

[www.lakseslottet.no](http://www.lakseslottet.no)

+47 52 79 91 61

Lakseslottet Lindum

Me gjev rabatt til medlemmer av LNK

# Far og son gir ut Løland-bok

– Suldal er den vogga for norsk barnelitteratur som Morgedal er for skisporten, meiner Edmund Austigard.

JUDITH SØRBUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Han gir no ut boka Jakta på Bjednekniven, som han har skrivne saman med faren Jarl Austigard (67). Det var Rasmus Løland-markeringa saman med Wigestrånd Forlag som tok kontakt med Edmund Austigard for å høyre om han ville skrivne ein barnebiografi om Rasmus Løland. – Då prøvde eg å seie nei, eg tykte det vart ei altfor stor oppgåve, uttaler Edmund, som tidlegare er kjent for bøkene *Krinsereglane* og *Taxi for B.A. Beckstrøm*.

## EI FANTASIREISE

Men etterkvart utvikla ideen seg til å bli ei skjønnlitterær bok basert på Løland si eiga forteljing om Paal som mistar den nye kniven sin, Bjednekniven. Og då far Jarl Austigard takka ja til å vere med i prosjektet, takka Edmund ja til utfordringa. – Det var naudsynt å få far med på dette prosjektet, sidan det var han



Forfattar Edmund Austigard (t.h.) og faren Jarl Austigard gir no ut Løland-bok. (Foto: Judith Sørbus Littlehamar)

som introduserte meg for Rasmus Løland. Me har skrivne ein roman for barn på 10–12 år, men romanen har ei form som fører til at dei fleste kan ha glede av han, seier Edmund. I *Jakta på Bjednekniven* møter me dei to gutane Magnus og Svein frå Stavanger, som reiser på påskeferie til Løland i Suldal. Der møter dei Heidi

og Charlotte. Ferien deira vert prega av spenning og løyndom, gåter og fantasi. Sentralt i historia står mormor si gåte til gutane, dei skal nemleg ut for å finne Bjednekniven.

## STOR RESPEKT FOR LØLAND

Å skrivne bok saman har til tider vore ei utfordring. Ikkje minst sidan far og son

i utgangspunktet hadde eit noko ulikt språk. Medan Jarl hadde erfaring med å skrivne teatertekstar og tekstar for lokalavisa med eit kort og konsist språk, var språkdrakta til Edmund rikare på ord. Edmund meiner både dei og boka har hatt nytte av å møtast på midten. – Men tittelen måtte eg gi meg på. Mitt forslag vart nedstemt av både far og forlaget, smiler Edmund. Forfattarane er samde om at dei har stor respekt for litteraturen til Rasmus Løland. Ikkje minst meiner dei litteraturen hans var den første som vart skriven som ei melding frå borna til dei vaksne, og ikkje som ein moraliserande tekst.

LNK er ein av stiftarane bak Rasmus Løland-markeringa 2007–2011.

## SITATET:

– Med partilederne Liv Signe Navarsete som kommunalminister og Kristin Halvorsen som kunnskapsminister stiller kommunene, og de kommunale oppgavene barnehager og skoler, først i køen når knappere ressurser skal fordeles i årene som kommer.

Jan Inge Krossli i Kommunal Rapport om den nye regjeringa.



Martin Toft i deler ut Kringkastingsprisen til Yasmin Syed. (Foto:Kringkastingsringen)

# Kringkastingsprisen til Yasmin Syed

Yasmin Syed frå Vinje i Telemark får Kringkastingsprisen for 2009.

TOYNI TOYBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Syed har vore både programleiar, skodespelar, musikal og kanalvert i NRK. Julia 2008 var ho programleiar for Julemorgen i NRK saman med Kåre Magnus Bergh. Dessutan har ho vore programleiar for det direkte sende livssynsprogrammet "STYRK Live" i NRK. Også i TV 2 har ho hatt ei rolle, som politioverkonstabel i TV-dramaet "De Syv Søstre". Sjølv om Yasmin Syed har budd både i USA, Skien og i Oslo, har ho aldri gitt slepp på Vinje-dialekten sin. Difor

er det eit normalisert nynorsk med eit tonefall frå Vest-Telemark som karakteriserer språkbruken til Yasmin Syed. I grunngjevinga til juryen heiter det: – Yasmin Syed bruker nynorsk med eit tonefall frå Vest-Telemark og gjer det på ein trygg og tillitvekkjande måte, anten ho er kanalvert, programleiar eller les kommentarar til utanlandske TV-dokumentarar. Slik viser ho at nynorsken i høgste grad er levande også på Austlandet.

Kringkastingsprisen har blitt delt ut årleg sidan 1978 og går til personar som "på ein framifrå måte nyttar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet".

# Redaktørprisen til Hordaland

Christian Fredrik Stabell har fått Nynorsk redaktørpris for 2009. Stabell er redaktør i Os og Fusaposten.

TOYNI TOYBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Stabell har vore redaktør i Os og Fusaposten i 36 år. I alle år har han lagt vekt på at lokalavisa skal skrivast på eit godt og korrekt nynorsk. Stabells språklege haldning har utan tvil vore medverkande til at nynorsken framleis står så sterkt i Os, like i nabolaget til Bergen. Os og Fusaposten har også vore skule for mange dyktige nynorskjournalistar rundt om i norsk presse, heiter det i grunngjevinga.

– Det er flott å gje prisen til ein redaktørveteran og representant for den



Redaktør i Os og Fusaposten, Christian Fredrik Stabell, vart beidra med Nynorsk redaktørpris frå Mediemållaget. (Foto: Rune Hetland/LLA)

store og viktige skogen av nynorske lokalaviser som er heilt avgjerande for framtida for nynorsken som presespråk, seier Berit Rekve, leiar for Mediemållaget.

Prisen vart delt ut 2. oktober, under Dei nynorske mediedagane i Oslo.



Fylkeskommunane og kommunane langs Rv13 arbeider for at vegen skal bli ein moderne og tenleg transportkorridor for innbyggjarane, næringslivet og reisande. At vegen i samband med revisjon av Nasjonal Transportplan 2010-2019 fekk status som stamveg frå Rogaland til Sogn og Fjordane, syner at arbeidet har vore til nytte.

Dei norske fjordane er kåra til det beste reisemålet i heile verda. Fjordvegen - Rv13 - slyngar seg gjennom eit fantastisk fjordlandskap, frå Førde i nord til Sandnes i sør, gjennom levande bygder, pulserande tettstadsmiljø og fjellovergangar som vil imponera dei fleste.

Av 18 vegstrekningar i Noreg får tre vegstrekningar på Rv13 – Gaularfjellet, Hardanger og Ryfylke – status som Nasjonal Turistveg.

[www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)

**Rv13 – Fjordvegen – Den indre stamvegen på Vestlandet**

Gøym ikkje bort dei gode HMS-idéane

men;

Meld deg på KLPs Arbeidsmiljøpris 2009 og kampen om 100 000 kroner. KLP ønskjer å vise fram dei gode HMS-idéane som kan inspirere og vere til nytte for andre. Difor deler vi kvart år ut tre prisar på 100 000 kroner. Vi premierer dei beste prosjekta for betre arbeidsmiljø innan helseforetak, kommunar og bedrifter.

Har du vore med på eit godt prosjekt? Gå inn på [www.klp.no/arbeidsmiljopris](http://www.klp.no/arbeidsmiljopris)  
Det er enkelt å delta, meld deg på i dag!

**KLP**  
for dagane som kjem

# - Behov for ei overordna språklov

**Trine Skei Grande (40) trur nynorsken vil klare seg godt i ei tid der språk og identitet heng tett saman. Ho er ikkje like sikker på om ho blir ny leiari i Venstre etter Lars Sponheim.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

- Kva forhold har du til nynorsk?  
- Eg elsker å lese det og skulle gjerne ha nytta det meir sjølv.

- Venstre badde i utgangspunktet ikkje partiprogram eller nettside på begge målformer. Programmet kom i nynorsk versjon ikkje så lenge før valet. Kva meiner du om det?

- Det seier noko om at me er eit parti med få ressursar, der arbeidet er bygd på dugnad. Er det fleire nynorskfolk som melder seg inn, skal me klare det mykje raskare neste gong.

- Skriv du nynorsk privat?  
- Nei, eg har meir enn nok med å meistre bokmål.

- Kva var det viktigaste for deg då du var saksordførar for språkmeldinga?

- Det var fleire ting, men det aller viktigaste trur eg var å få klarlagt at det er behov for ei klar lovforankring for språk i Noreg, og at komiteen

## Aktuelt



Foto: Caroline Roka

**Trine Skei Grande (40)**

**Bur:** Gamlebyen i Oslo

**Aktuell:** Nestleiar og parlamentarisk leiari i Venstre. Siglar no opp som ein av favorittane til å ta over som partileiari etter Lars Sponheim, som gir seg etter Landsmøtet i april 2010.

**Språk:** Bokmål, men skulle gjerne skrive meir nynorsk.

uttrykte seg positivt med omsyn til ei framtidig, overordna språklov.

- Klarer regjeringa no, etter di meining, å følgje opp språkmeldinga?

- Det er litt tidleg å seie, men manglande biblioteksatsing er eit dårleg teikn.

- Trur du ein no klarer å etablere Språkbanken?

- Det har eg forventningar om.

- Kva trur du om framtida til nynorsken?

- I ei tid der språk og identitet heng nærare saman, vil nynorsken klare seg godt. Ein skule som satsar på gode lærarar vil bygge opp om det.

- Kva skal til, trur du, for at også Oslo-avisene opnar opp for meir nynorsk i spaltene?

- Då må me som borgarar krevje det.

- Kva er dine politiske hjertesaker?

- Arbeidet for eit klimanøytralt samfunn og auka satsing på forskning og utdanning.

- Venstre gjorde eit dårleg stortingsval, kva trur du var grunnen til det?

- Venstre vart klemd inne i ein polarisert valkamp. Me kom ikkje godt nok fram med dei politiske sakene våre.



### SØKK

Eg kvelver båten

og tek årane inn for vinteren

Ein stor hegreflyg tett over vatnet

Vengespiessane ripar vassflata

Elvane søkk langsamt ned i jorda og frys

Henta frå Hilde Myklebust si diktsamling Søkk

- Kva må Venstre satse på no politisk for å reise seg igjen?

- Me må vise at Noreg treng eit liberalt sentrumsparti som vil ta tak i dei store utfordringane som kjem. Me vil skape lågutsleppssamfunnet, satse på forskning, høgare utdanning og ein skule med gode lærarar.

- Blir du den nye leiaren i Venstre etter Lars Sponheim?

- Det valet gjer Venstre sitt Landsmøte i april 2010.



- De skal ut og leita etter Bjednekniven, sa ho.

- Før det er for seint.

Magnus stussa over det ho sa. Bjednekniven, før det er for seint. Som om Bjednekniven var eit utryddingstruga vilt dyr. Og ikkje ein kniv, som namnet sa.

Men meir fekk han ikkje vita. Mormor berre smilte lurt. Slik ho alltid gjorde når ho visste noko som ingen andre visste.

- De må venta til påske, sa ho.

Nå er påskeferien her. Magnus og Svein står på akterdekket av Tauferja.

*Jakta på Bjednekniven* er ein roman for barn og unge. Her møter me dei to gutane Magnus og Svein frå Stavanger, som reiser på påskeferie til Løland i Suldal. Der møter dei Heidi og Charlotte.

Ferien deira vert prega av spenning og løyndom, gåter og fantasi.

Pris kr 278,-

**Jarl Austigard** (f. 1942) er frå Årdal i Ryfylke. Han er bussjåfør og har trailikkert Ryfylkevegen mellom Tau og Sand i over 40 år. Han har skriva petit-artiklar for lokalavisa Bygdaposten og skriv tekstar for Hjelmenland Teaterlag.

**Edmund Austigard** (f. 1964) er oppvaksen i Årdal, men bur nå i Oslo. Han er utdanna siviløkonom. Har tidlegare gitt ut romanane *Krinsereglane* (2005) og *Taxi for B.A. Beckstrom - eller kunsten å danse på furu* (2007), begge på Det Norske Samlaget.

